

Mak Cemalovic

# Representasjon av bybane i Regional transportmodell

Ei etterprøving av casestudiet Bybanen i Bergen

Masteroppgåve i Bygg- og miljøteknikk

Veileder: Trude Tørset

Juni 2019



Mak Cemalovic

# Representasjon av bybane i Regional transportmodell

Ei etterprøving av casestudiet Bybanen i Bergen

Masteroppgåve i Bygg- og miljøteknikk  
Veileder: Trude Tørset  
Juni 2019

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Fakultet for ingeniørvitenskap  
Institutt for bygg- og miljøteknikk



## Forord

Denne masteroppgåva er skriven våren 2019, som avsluttande arbeid i min mastergrad i bygg- og miljøteknikk ved Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet NTNU. Oppgåva utgjer 30 studiepoeng, og er skriven som ei tradisjonell masteroppgåve.

Eg vil rette ein stor takk til vegleiar Trude Tørset. Utan Trude ville eg aldri vært i stand til å fullføre denne masteroppgåva.

I tillegg rettast ein takk til alle som har hjelpt til i arbeidet, være det seg i innhenting eller uthenting av data eller med viktig kunnskap. Desse er Tor N. Hamre (Numerika AS), Erik Johannessen (Statens Vegvesen), Rune Herdlevær (Bergen kommune), Rune Solend (Skyss) og Olav Kåre Malmin (SINTEF). Olav Bjørnå, Kjersti Hetland og Kristin Bergendal rettes også ein stor takk for å være svært gode venner gjennom heile perioden.

For å låne ein frase av ein tidlegare klassekamerat: Menneska nemnd over er på mange måtar dei sentrale bidragsytarane til alt det gode arbeidet som ligg i denne masteroppgåva. Alle feil og manglar er derimot fullt og heilt mitt ansvar.

Mak Cemalovic

Trondheim, juni 2019

## Samandrag

Transportmodeller er en sentral del av beslutningstakarprosessen i transportplanlegging. Deira rolle som grunnlag for nytte-kost-analyser og som prognoseverktøy gjer dei til mogelegvis den sentrale delen av eitkvart planlagt og realisert transportprosjekt.

Litteraturen viser at etterprøvingar av transportmodellar sjeldan vert gjennomførte, sidan innhenting av data på eit tilstrekkeleg detaljnivå viser seg å være vanskeleg til umogeleg. Etterprøvingar av kollektivtransport og spesielt bybanesystem viser seg å være endå sjeldnare, sidan desse prosjekta er færre og lengre mellom enn vegprosjekt. I gjeldande Nasjonal transportplan stadfestar Regjeringa at ein styrka kunnskapsbase for transportmodellering er ein prioritet i framtida.

I denne konteksten er målet til denne masteroppgåva å gjere ein omfattande etterprøving av representasjonen av Bybanen i Bergen, gjennom å bruke data produsert sidan opninga av bana i 2010, inkludert reisevaneundersøkingar og passasjerteljingar.

Resultata er blanda for den valde metodikken, men konklusjonen til oppgåva er at representasjonen av Bybanen i Bergen i det gjeldande modellrammeverket RTM er god.

## Abstract

Transport models are an integral part of the decision making process in transport planning. Their role as input in cost-benefit analysis and as forecasting tools make them arguably the central part of any planned and realized transport project.

The literature shows that ex-post analysis of transport models are rarely conducted, as obtaining data at a sufficient level of detail proves difficult to impossible. Ex post-analysis of public transport and especially light rail proves to be even scarcer, as these projects are fewer and further between than road projects. In the latest national strategy document for transport, the norwegian government states that an improved knowledge base for transport modelling is a priority in the future.

In this context, the goal of this master thesis is to do a comprehensive comparison of the representation of the Bergen light rail using data produced since the opening of the light rail in 2010, including travel surveys and passenger counts.

The result is mixed for the chosen methodology, but the conclusion drawn from the project is still that the Bergen Light Rail is well represented in the current transport model framework, RTM.

## Innhald

<b>FORORD</b> .....	<b>2</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>3</b>
<b>ABSTRACT</b> .....	<b>4</b>
<b>FIGURLISTE</b> .....	<b>7</b>
<b>TABELLISTE</b> .....	<b>8</b>
<b>1 INTRODUKSJON</b> .....	<b>10</b>
1.1 BAKGRUNN .....	10
1.1.1 <i>Nullvektsmålet</i> .....	10
1.1.2 <i>Bybanen i Bergen</i> .....	10
1.1.3 <i>Transportmodellar og modellering av kollektivtransport</i> .....	11
1.2 FORSKINGSPØRSMÅL .....	13
1.3 AVGRENSINGAR .....	13
1.4 RAPPORTSTRUKTUR .....	14
<b>2 LITTERATURSØK</b> .....	<b>14</b>
<b>3 «STATE OF THE ART» INNAN ETTERPRØVING AV TRANSPORTMODELLAR</b> .....	<b>15</b>
3.1 GENERELT .....	15
3.2 INTERNASJONALE ERFARINGAR .....	15
3.3 NASJONALE ERFARINGAR.....	16
<b>4 TEORI</b> .....	<b>17</b>
4.1 SKINNEFAKTOR .....	17
4.2 ANNA LITTERATUR .....	17
<b>5 METODE</b> .....	<b>17</b>
5.1 VAL AV METODE.....	17
5.2 IDENTIFISERING AV FAKTORAR TIL ANALYSE .....	18
5.3 TILARBEIDING AV FAKTORAR TIL ANALYSE.....	18
5.3.1 <i>Generelle tilarbeidingar og avgrensingar</i> .....	18
5.4 ENDRINGAR AV INNDATA FOR RTM 3.12.2 OG 4.1.1 .....	18
5.5 UTHENTING AV LOS-DATA FRÅ RTM.....	19
5.6 ANALYSE I SPSS.....	19
<b>6 DATA</b> .....	<b>19</b>
6.1 RVU-AR .....	19
6.1.1 <i>Regionale RVU-ar</i> .....	19
6.1.2 <i>Nasjonale RVU-ar med og utan tilleggsutval</i> .....	19
6.1.3 <i>Vekting</i> .....	20
6.2 PASSASJERTELJINGAR .....	20
6.3 BEFOLKNINGSDATA .....	20
<b>7 RESULTAT</b> .....	<b>21</b>
7.1 ANALYSER AV RVU-DATA .....	21
7.1.1 <i>Ventetid</i> .....	21
7.1.2 <i>Overgangstid</i> .....	23
7.1.3 <i>Ombordstigingar</i> .....	25
7.1.4 <i>Tilbringartid</i> .....	28
7.1.5 <i>Sitteplass</i> .....	31



7.1.6	Trengsel ved ståplass .....	35
7.1.7	Forseinkingar.....	37
7.2	SAMANLIKNING AV RTM OG RVU.....	40
7.2.1	Ombordtid.....	40
7.2.2	Ventetid.....	43
7.2.3	Ombordstigingar.....	46
7.3	PÅSTIGINGAR PR. DØGN.....	49
7.3.1	RTM 3.12.2.....	49
7.3.2	RTM 4.1.1.....	49
<b>8</b>	<b>DISKUSJON.....</b>	<b>50</b>
8.1	ER DET NOKON SKILNAD PÅ BYBANEN OG BUSS SOM TRANSPORTSYSTEM I VERKELEGHEITA SOM TILSEIER AT DEI BURDE MODELLERAST ULIKT?.....	50
8.2	KOR GODT SAMSVARAR LOS-DATA PRODUSERT AV RTM MED VERKELEGHEITA? .....	50
8.3	KOR NØYAKTIGE TRAFIKKPROGNOSAR PRODUSERER RTM, OG ER DESSE BLITT BETRE OVER TID? .....	50
8.4	ER SAMANLIKNINGSGRUNNLAGET GODT NOK FOR DEN VALDE ETTERPRØVINGSMETODEN? .....	50
8.5	ER VALD ANALYSE HENSIKTMESSIG FOR Å ETTERPRØVE RTM? .....	50
<b>9</b>	<b>KONKLUSJON .....</b>	<b>51</b>
<b>10</b>	<b>BIBLIOGRAFI .....</b>	<b>52</b>
	<b>VEDLEGG 1 – FEILKJELDER OG AVGRENSINGAR I BEHANDLING AV RVU-DATA .....</b>	<b>55</b>
	<b>VEDLEGG 2 – FULLSTENDIGE RESULTAT FRÅ ANALYSEN.....</b>	<b>71</b>
	<b>VEDLEGG 3 – SCENARIORAPPORT, RTM 3.12.2, DOM BERGEN – BASIS 2016.....</b>	<b>1</b>
	<b>VEDLEGG 4 – SCENARIORAPPORT, RTM 4.1.1, DOM BERGEN – BASIS 2018.....</b>	<b>2</b>

## Figurliste

FIGUR 1 - TRASE FOR BYBANEN I BERGEN (BERGENSPROGRAMMET, 2018) .....	10
FIGUR 2 - PÅSTIGINGAR BYBANEN 2010-2018, TAL I HEILE 1000 (HORDALAND FYLKESKOMMUNE, 2014) (SKYSS, 2017) (HORDALAND FYLKESKOMMUNE, 2019) .....	11
FIGUR 3 - SAMANLIKNING AV HOVUDFORKLARINGAR GJEVNE FOR UNØYAKTIGHEIT I TRANSPORTPROGNOSAR (NICOLAISEN & DRISCOLL, 2014) .....	16
FIGUR 4 - UAVHENGIG T-TEST (TOSIDIG), GJENNOMSNIITLEG VENTETID I MINUTT. "ERROR BARS" REPRESENTERER 99% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	22
FIGUR 5 – GJENNOMSNIITLEG OVERGANGSTID FOR REISER MED BYBANEN OG BUSS. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95%- KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	24
FIGUR 6 - GJENNOMSNIITLEGE OMBORDSTIGINGAR PER REISE I LÅGTRAFIKK FOR REISER MED BYBANEN OG BUSS. "ERROR BARS" REPRESENTERER 99%-KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	27
FIGUR 7 – GJENNOMSNIITLEGE OMBORDSTIGINGAR PER REISE I RUSHTRAFIKK FOR REISER MED BYBANEN OG BUSS. "ERROR BARS" REPRESENTERER 99%-KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	27
FIGUR 8 - «NÅR DU REISER KOLLEKTIVT TIL ARBEID, FÅR DU DA SOM REGEL SITTEPLASS?», REISER MED BYBANEN, PROSENT (VEKTA). N=14784 .....	31
FIGUR 9 - «NÅR DU REISER KOLLEKTIVT TIL ARBEID, FÅR DU DA SOM REGEL SITTEPLASS?», REISER MED BUSS, PROSENT (VEKTA). N=74712 .....	32
FIGUR 10 - SITTEPLASS PÅ REISER MED BUSS, I PROSENT. N=1594 .....	32
FIGUR 11 - «NÅR DU REISER KOLLEKTIVT TIL ARBEID, FÅR DU DA SOM REGEL SITTEPLASS?», SAMANLIKNING AV BYBANEN OG BUSS (VEKTA) .....	33
FIGUR 12 - «HADDE DU SITTEPLASS PÅ HEILE ELLER DELAR AV REISA?», SAMANLIKNING AV BYBANEN OG BUSS, PROSENT (VEKTA) ...	34
FIGUR 13 - «KOR TRONGT VAR DET Å STÅ?», REISER MED BYBANEN, PROSENT (VEKTA). N=76 .....	35
FIGUR 14 - «KOR TRONGT VAR DET Å STÅ?», REISER MED BUSS, PROSENT (VEKTA). N=40 .....	35
FIGUR 15 - «KOR TRONGT VAR DET Å STÅ?»: SAMANLIKNING AV BYBANEN OG BUSS, PROSENT (VEKTA) .....	36
FIGUR 16 - «KOM KOLLEKTIVTRANSPORT TIL FASTSETT RUTETID?», REISER MED BYBANEN, PROSENT (VEKTA). N=435 .....	37
FIGUR 17 - «KOR MANGE MINUTT FORSEINKA?», REISER MED BYBANEN, PROSENT (VEKTA). N=13 .....	37
FIGUR 18 - «KOM KOLLEKTIVTRANSPORT TIL FASTSETT RUTETID?», REISER MED BUSS, PROSENT (VEKTA). N=938 .....	38
FIGUR 19 - «KOR MANGE MINUTT FORSEINKA?», REISER MED BUSS, PROSENT (VEKTA). N=111 .....	38
FIGUR 20 - «KOM KOLLEKTIVTRANSPORT TIL FASTSETT RUTETID?», SAMANLIKNING AV BYBANEN OG BUSS, PROSENT (VEKTA) .....	39
FIGUR 21 - «KOR MANGE MINUTT FORSEINKA?», SAMANLIKNING AV BYBANEN OG BUSS, PROSENT (VEKTA) .....	39
FIGUR 22 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 3.12.2 MED RVU, OMBORDTID I LÅGTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 99% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	40
FIGUR 23 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 4.1.1 MED RVU, OMBORDTID I LÅGTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 99% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	41
FIGUR 24 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 3.12.2 MED RVU, OMBORDTID I RUSHTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 99% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	41
FIGUR 25 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 4.1.1 MED RVU, OMBORDTID I RUSHTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 99%-KONFIDENSITNERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	42
FIGUR 26 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 3.12.2 MED RVU, VENTETID I LÅGTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	43
FIGUR 27 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 4.1.1 MED RVU, VENTETID I LÅGTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	44
FIGUR 28 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 3.12.2 MED RVU, VENTETID I RUSHTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	44
FIGUR 29 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 4.1.1 MED RVU, VENTETID I RUSHTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	45
FIGUR 30 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 3.12.2 MED RVU, OMBORDSTIGINGAR I LÅGTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	46
FIGUR 31 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 4.1.1 MED RVU, OMBORDSTIGINGAR I LÅGTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIITLET .....	47

FIGUR 32 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 3.12.2 MED RVU, OMBORDTID I RUSHTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIETET .....	47
FIGUR 33 - UAVHENGIG T-TEST, SAMANLIKNING AV LOS-DATA FRÅ RTM 4.1.1 MED RVU, OMBORDSTIGINGAR I RUSHTRAFIKK. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95% KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIETET.....	48

## Tabelliste

TABELL 1 - DEFINISJONAR AV ORD, OMGREP OG FORKORTINGAR .....	9
TABELL 2 – VENTETID I MINUTT, REISER SOM INKLUDERER BYBANEN (VEKTA) .....	21
TABELL 3 – VENTETID I MINUTT, REISER SOM INKLUDERER BUSS (VEKTA).....	22
TABELL 4 - OVERGANGSTID FOR REISER MED BYBANEN (VEKTA) .....	23
TABELL 5 - OVERGANGSTID FOR REISER MED BUSS (VEKTA) .....	23
TABELL 6 - OMBORDSTIGINGAR I LÅGTRAFIKK, BYBANEN (VEKTA).....	25
TABELL 7 - OMBORDSTIGINGAR I RUSHTRAFIKK, BYBANEN (VEKTA).....	26
TABELL 8 – OMBORDSTIGINGAR PER REISE I LÅGTRAFIKK, BUSS (VEKTA) .....	26
TABELL 9 – OMBORDSTIGINGAR PER REISE I RUSHTRAFIKK, BUSS (VEKTA).....	26
TABELL 10 - TILBRINGARTID I MINUTT NÅR GANGFART ER LIK 3 ELLER 5 KM/T, BYBANEN (KOMBINERT).....	28
TABELL 11 - TILBRINGARTID UTGJER HALVE, EIN TREDEL, ELLER TO TREDELAR AV GANGTIDA, BYBANEN (VEKTA).....	29
TABELL 12 - TILBRINGARTID I MINUTT NÅR GANGFART ER LIK 3 ELLER 5 KM/T, BUSS (VEKTA) .....	29
TABELL 13 - TILBRINGARTID UTGJER HALVPARTEN, EIN TREDEL ELLER TO TREDELAR AV GANGTIDA, BUSS (VEKTA) .....	30
TABELL 14 - GJENNOMSNIETLEG TILBRINGARTID I MINUTT FOR REISER MED BUSS OG BYBANEN, TILNÆRMING 1. "ERROR BARS" REPRESENTERER 95%-KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIETET.....	30
TABELL 15 - GJENNOMSNIETLEG TILBRINGARTID I MINUTT FOR REISER MED BUSS OG BYBANEN, TILNÆRMING 2. "ERROR BARS" REPRESENTERER 99%-KONFIDENSINTERVALL FOR GJENNOMSNIETET.....	31
TABELL 16 – PÅSTIGINGAR PR. DØGN, BEFOLKNINGSINNDATA NYTTA SOM INNDATA ER BEFOLKNINGSFRAMSKRIVING 2002-2015...	49
TABELL 17 – PÅSTIGINGAR PR. DØGN, BEFOLKNINGSINNDATA NYTTA SOM INNDATA ER FAKTISK BEFOLKNING 2015 .....	49
TABELL 18 – PÅSTIGINGAR PR. DØGN, BEFOLKNINGSINNDATA NYTTA SOM INNDATA ER BEFOLKNINGSFRAMSKRIVING 2002-2015...	49
TABELL 19 – PÅSTIGINGAR PR. DØGN, BEFOLKNINGSINNDATA NYTTA SOM INNDATA ER FAKTISK BEFOLKNING 2015 .....	49
TABELL 20 - UNIKE RESPONDENTAR (RVU 2013).....	57
TABELL 21 - TAL PÅ RESPONDENTAR I KVART UNDERUTVAL (RVU 2013).....	57
TABELL 22 - TURPRODUKSJON, BERGEN KOMMUNE (2013) .....	57

Tabell 1 - Definisjonar av ord, omgrep og forkortingar

Omgrep	Definisjon
RTM	Forkorting for «Regional transportmodell». Er i realiteten fem modellar, ein for kvar av Statens Vegvesen sine regionar. Med unntak av kapittel 1 og 4, refererer det i denne oppgåva til RTM for region Vest.
DOM	Forkorting for «Delområdemodell». RTM avgrensa til eit mindre geografisk område enn ein av Statens Vegvesens regionar.
LoS	Engelsk for «Level of service». Kvalitativt mål på transportstandard/-tilbodet i eller mellom områder
LoS-data	Kvantitative verdiar som beskriv LoS mellom ulike soner, berekna og produsert under køyring av RTM
RVU	Reisevaneundersøking. Dersom det er eit årstal som suffiks vert det referert til ei spesifikk reisevaneundersøking gjennomført det året
TASS	Transportanalysemodell for strategiske studier

# 1 Introduksjon

## 1.1 Bakgrunn

### 1.1.1 Nullvektsmålet

Nullvektsmålet i personbiltrafikk fastslår at all vekst i trafikk i byområda skal tas med gonge, sykkel og kollektivtransport, og har sidan 2012 vore ei sentral linje i norsk samferdselspolitikk. Ved sist vidareføring, i Nasjonal transportplan 2018-2029, vil Regjeringa «at mobiliteten i byområda skal betrast gjennom målretta investeringar, auka bruk av kollektivtransport og nye løysingar», samt prioritere byområda høgt i planperioden (Regjeringa Solberg, 2017). I tråd med dette foreslo Regjeringa i statsbudsjettet for 2019 å auke satsinga på kollektiv, gonge og sykkel med 45%, (Aftenposten, 2018).

Denne oppgåva fokuserer på kollektivtransport, og det som i norsk perspektiv er ein ny løysing innanfor dette.

### 1.1.2 Bybanen i Bergen


Bybanen i Bergen (heretter omtala som «Bybanen») er eit skinnegåande kollektivtransportmiddel som hovudsakleg køyrer i eigen trase avskilt frå anna trafikk, med prioritert ferdsel i blanda trafikk. Såleis skil den seg frå ein vanleg trikk, som ofte ferdest i blanda trafikk, og frå ein t-bane, som køyrer i eigen trase heile tida. Første delstrekning frå Bergen sentrum til Nesttun opna juni 2010, sidan har traseen vorte forlenga tre gonger. Sidan april 2017 går banen frå sentrum ut til Bergen lufthamn Flesland, som vist i Figur 1.



Figur 1 - Trase for Bybanen i Bergen (Bergensprogrammet, 2018)

Bybanen har hatt nokså stabil passasjervekst, og i 2018 vart det gjennomført 14,9 millionar påstigingar, jamfør Figur 2. I 2016 vart kapasiteten auka ved å sette inn lengre vognsett, medan eksisterande vognsett vart forlenga (Skyss, 2016). Dette arbeidet var ferdig det påfølgjande året (Skyss, 2017).

Introduksjonen av Bybanen har hatt konsekvensar for transportbiletet i Bergen. Kollektivtransporten vaks i både volum og marknadsdel i perioden 2010 til 2014, og denne veksten skuldast hovudsakleg introduksjonen av Bybanen (Engebretsen, et al., 2017). I følge tal for 2018 står Bybanen for over ein femtedel av kollektivreisene føretatt i Bergensområdet (Hordaland fylkeskommune, 2019). Bybanen er i framtida planlagt utvida, med ei ny delstrekning allereie under konstruksjon



Figur 2 - Påstigingar Bybanen 2010-2018, tal i heile 1000 (Hordaland fylkeskommune, 2014) (Skyss, 2017) (Hordaland fylkeskommune, 2019)

### 1.1.3 Transportmodellar og modellering av kollektivtransport

Transportmodellar er datasimulasjonsverktøy nytta innan transportanalyse. Dei nyttast for å lage prognosar for framtidig trafikkvekst, og vurdere effekten av tiltak på tilbod og etterspørsel (Kleven, 2012). Det finnes gode grunnar til å nytte transportmodellar, som nemnd av (Kleven, 2012): Dei gjev oss mogelegheita til å studere effekten av ein eller fleire faktorar i transportsystemet, dei er godt dokumenterte og dei analyserer effektar av tiltak på ein konsistent måte.

Rundt milleniumskiftet vart det norske modellsystemet for persontransport slik det er i dag etablert. Systemet er delt i to modellar: Nasjonal transportmodell (NTM) beskriver reiser lengre enn 100 km, og Regional transportmodell (RTM) beskriver reiser kortare enn 100 kilometer. RTM vart først estimert og implementert i åra 2002 til 2005 og er i realiteten fem modellar, ein for kvar av Statens Vegvesens regionar. Etterspørselsmodellen i RTM, kalla TraMod, er utarbeida av TØI/Møreforskning-Molde (Econ Pöyry, 2009). Denne er sidan vidareutvikla til TraMod\_By (Rekdal, et al., 2013).

I Noreg vert transportmodellar nytta til utredning av nye prosjekt og i arbeidet med Nasjonal transportplan (NTP), og trafikkprognosane modellane produserer inngår i samfunnsøkonomiske analyser. I følge (Kleven, 2012) «står og faller kvaliteten av samfunnsøkonomiske analyser med kvaliteten av transportmodellar». Desse analysane utgjer så igjen ein viktig del av grunnlaget for politikarar og andre avgjerdstakarar. Dette forholdet mellom transportmodellar og samfunnsøkonomiske analyser er også gjenspegla internasjonalt (Flyvbjerg, 2005).

Gjeve den viktige rolla transportmodellar spelar i utreining og evaluering av prosjekt er det viktig å ha modellverktøy som er gode *nok*. Då ein datamodell alltid vil være ein forenkla versjon av den samansette verkelegheita den forsøker å representere vil den ikkje være perfekt (Bain, 2009), så ein må avgjere når kvaliteten er tilfredsstillande. Det igjen er eit spørsmål om teknologiske og kunnskapsmessige føresetnadar, i transportmodellars tilfelle er begge eit spørsmål om nøyaktigheit. Betre teknologi gjev mogelegheita til å simulere meir komplekse situasjonar, og betre kunnskap reduserer usikkerheita. Likevel vil det være slik at spørsmålet om kor vidt modellen er god nok til å simulere forhold i framtida, er noko ein ikkje veit sikkert før etter at situasjonen ein simulerer er eit faktum. Korleis kan ein då sei noko om modellane ein nyttar er gode *nok* i forkant? Her kjem

kunnskapsgrunnlaget om modellen inn. Transporttiltak og miljøa dei opptre i har ofte likskapar, og ein kan nytte erfaring og kunnskap frå tidlegare prosjekt av same art til å utvikle modellen. Det er frå dette breiare grunnlaget ein avgjer kvaliteten av ein transportmodell, som igjen gjev oss moelegheita til å sei om ein modell er god nok.

Kva gjer ein dersom eit nytt prosjekt ein ønsker å analysere ikkje har direkte presedens i kunnskapsgrunnlaget? Korleis fastslår ein då kor vidt ein modell er god nok? Dette var tilfellet for Bybanen. Då den vart opna var den einaste i sitt slag i Noreg, noko den framleis er i dag. I plan- og utgreiingsfasen vart det difor i 2002 utvikla og implementert ein representasjon av Bybanen i ein forløpar til RTM, Transportanalysemodell for strategiske studier (TASS) (Tørset, 2002). Ein måte å tilnærma seg ein slik representasjon er å nytte tilgjengeleg teori på fagfeltet, erfaringar frå andre land og å trekke erfaringar frå andre transportformer med liknande karakteristikkar, som for ein bybane vil være til dømes tog, trikk og buss, og slike tilnærmingar vart gjort for modelleringa av Bybanen. Spørsmålet er om Bybanen, og bybanar generelt, blir tilfredsstillande representert ved å modellere som anna kollektivtransport. Sagt meir presist, er det noko spesielt med Bybanen, samanlikna med anna kollektivtransport, som ein ikkje beskriver (og såleis manglar) i transportmodellen i dag?

Dette er spørsmål som er vanskeleg å svare ut. For det første er det ikkje sikkert at buss og anna eksisterande kollektivtransport er godt nok representert i RTM heller. RTM føyer seg inn i ei rekke av norske transportmodellar tilbake til 60-talet som ein kan kalle bilmodellar, transportmodellar primært egna for å modellere reiser med personbil. Ikkje så rart eigentleg, talet på personbilreiser i Noreg vaks frå 39% i 1960 til 86% i 2006, medan talet på reiser med bane og buss krympa frå omsynsvis 19% og 29% til 3% og 7% over same periode (SSB, 2008). Når det no blir staka ut ein ny kurs for transport i byområda er det naudsynt å styrke modellsystemet, og RTM særleg, til modellering av kollektivtransport. I sin doktorgradsavhandling konkluderer Tørset (2005) at transportmodellar kan utviklast til å bli meir eigna til kollektivanalysar. Det finnest ikkje nokon annan studie innan feltet gjennomført etter implementeringa av RTM, TraMod eller TraMod\_by. Tørset (2005) framhevar også omgrepet skinnfaktor, som omfattar eigenskapar ved skinnegåande transport som ofte gjer den meir attraktiv enn buss. Nærværet av skinnfaktor er breitt akseptert blant ekspertar på fagområdet (Scherer & Dziekan, 2012) og indikerer at det er noko som skil skinnegåande kollektivtransport frå bussløysingar.

Det er ikkje sikkert at Bybanen vil behalde sin status som einaste av sitt slag i Noreg, for rundt om i landet har fleire stader vist interesse for bybaneløysingar. Tromsø (iTromsø, 2015) og Ålesund (Sunnmørsposten, 2016) har vedtatt utreiingar av bybane, og i Grenlandsområdet er ei utreiing utført (Norconsult, 2013). På Nord-Jæren (Rogalands avis, 2012) og i Trondheim (Miljøpakken, 2019) vart bybane utreda før ein til slutt valde metrobusløysingar. Dette er løysingar som har mykje til felles med ein bybane.

På side 32 i gjeldande NTP står det: «Å vedlikehalde og styrke kunnskapsgrunnlaget for transportmodellering og -planlegging er [...] ein viktig oppgåve for Samferdselsdepartementet [...]» (Regjeringa Solberg, 2017). Denne oppgåva føyer seg inn i denne målsetninga. I dag har Bybanen vore i drift i nesten eitt tiår, og det finnst data tilgjengeleg frå heile perioden. Å nytte desse for å etterprøve modellrepresentasjonen av Bybanen i RTM er i tråd vil kunne auke kunnskapen om modellering av bybaneløysingar, samt gjeve eit betre samanliknings- og kunnskapsgrunnlag for andre løysingar som har mykje til felles med ein bybane. Analysing av dette datagrunnlaget opp mot RTM dannar bakgrunnen for denne masteroppgåva.

## 1.2 Forskingsspørsmål

Målet med oppgåva er å gjennomføre ei etterprøving av representasjonen av Bybanen i Bergen i transportmodellen RTM. Det overordna forskningsspørsmålet er:

- *Kor godt samsvarar modellrepresentasjonen av Bybanen med verkelegheita?*

I oppgåva vert to versjonar av RTM med delområdemodell for Bergen kommune nytta for å hente ut resultatdata, i tillegg er eksisterande resultatdata frå den eldre transportmodellen TASS inkludert. For å undersøke korleis desse resultatdata samsvarar med verkelegheita er det nytta passasjerteljingar, regionale og nasjonale reisevaneundersøkingar for Bergen kommune produsert i perioden 2008-2018.

For å belyse det overordna spørsmålet vert det formulert tre underordna forskningsspørsmål som tek for seg ulike aspekt av problemstillinga:

- *Er det nokon skilnad på Bybanen og buss som transportsystem i verkelegheita som tilseier at dei burde modellerast ulikt?*

Det er i litteraturen sterkt grunnlag for eksistensen av ein skinnfaktor. Det vert på bakgrunn av litteratur diskutert og vald data frå reisevandeundersøkingane påverkar reisande sine preferansar i val av transportmodalitet. Desse vert så analysert og samanlikna for Bybanen og buss.

- *Kor godt samsvarar LoS-data produsert av RTM med verkelegheita?*

Det finnst korresponderande verdiar til LoS-data frå RTM i RVU-ar. Oppgåva vil analysere og presentere desse opp mot tilarbeidde verdiar frå reisevaneundersøkingane, for å sjå

- *Kor nøyaktige trafikkprognosar produserer RTM, og er desse blitt betre over tid?*

Tal for ombordstigingar i rush- og lågtrafikk for kvar enkelt kollektivlinje vert generert av RTM som resultatdata. Det finnest faktiske passasjerteljingar frå perioden som desse data kan samanliknast med. I tillegg inkluderast resultatdata frå RTM-forgjengaren TASS.

## 1.3 Avgrensingar

Datagrunnlaget omfattar ikkje reiser med Bybanen i kalenderåret 2019.

Reisevaneundersøkingane frå perioden inneheld demografidata om dei reisande, som alder, talet på personar i husstanden, hushaldningsinntekt, bilhald, yrkesstatus og så vidare. Desse vert ikkje nytta i denne oppgåva.



## 1.4 Rapportstruktur

Rapporten vil først presentere korleis litteraturen som er nytta i oppgåva er vorte samla inn, før den går vidare til kva som er «State of the art» innan etterprøving og resten av teorigrunnlaget for oppgåva.

Val av metode vert diskutert og vald metode presentert. Dette inkluderer:

- Diskusjon og val av faktorar frå RVU-ar som vert analyserte og samanlikna med RTM
- Avgrensing av RVU-data som vert inkludert i statistiske analysar og samanlikningar
- Vekting av RVU-data til samanlikning på tvers av modalitetar og med RTM

Innsamla data og framgangsmåtar for å få tilgang på desse vert presentert.

Resultat frå RVU-tilarbeidingar og køyringar av RTM vert så inkludert i gjennomføringa av deskriptive statistiske analyser og samanlikningar.

Diskusjonsdelen baserer seg på resultatata frå dei statistiske analysane og samanlikningane, innsikt frå arbeidet med dataa, og teorikapittelet. Denne dannar grunnlaget for den avsluttande konklusjonen.

## 2 Litteratursøk

Tidligere forskning innan temaet vart innsamla og studert. Ved oppstart av arbeidet av oppgåva var det kjennskap til ei tidlegare masteroppgåve på feltet (Fossum, 2018), som var utgangspunktet for litteraturinnsamlinga. I tillegg vart det etter tips frå vegleiar funne artiklar som (Engebretsen, et al., 2017) og (Flyvbjerg, 2005), som igjen leda til andre artiklar gjennom sine referanselister.

I tillegg vart det søkt inn ytterlegare litteratur. Metodikken nytta for dette var søkemotorar for faglitteratur på internett. Desse er NTNUs Oria, ScienceDirect, Elsevier og Scopus.

Forslagsfunksjonane i desse vart brukt hyppig.

For å sikre at det dekkar siste utvikling på fagfeltet vart søket gjennomført på engelsk. Utvalde søkeord nytta er:

- Ex-post transport model
- Ex-post traffic forecast
- Traffic forecast
- Traffic demand forecast
- Public transport modeling
- Ex-post light rail
- Light rail
- Light rail analysis
- Rail factor
- Transport model

## 3 «State of the art» innan etterprøving av transportmodellar

### 3.1 Generelt

Ei etterprøving (på engelsk: *ex post-analysis*) betyr å analysere noko i ettertid, dette i motsetning til prognoser, som finner stad *ex-ante*. Etterprøving er samanliknbart med replikering i vitskap generelt. Der ein i replikasjon gjennomfører ei undersøking på nytt for å undersøke om tidlegare funn let seg gjenta, bruker ein i etterprøving faktiske forhold som har utspelt seg for å undersøke funn i analyse som fant stad før dei faktiske forhold. I transportmodellar vil dette være til dømes å kontrollere resultatprognosar og estimerte verdiar for modellfaktorar med tilsvarande verdiar frå verkelegheita i ettertid.

Vanlig praksis for etterprøving av transportprognoser er å måle skilnaden mellom verkelegheita og trafikkprognosen frå modellen. Dette vert gjort ved å berekne det prosentvise avviket mellom desse (Odeck & Welde, 2017) (Flyvbjerg, 2005) (Nicolaisen & Driscoll, 2014).

$$A = \frac{(T_f - T_p)}{T_f} * 100$$

der  $A$  = avvik i prosent;  $T_f$  = faktisk trafikk og  $T_p$  = prognostisert trafikk.

### 3.2 Internasjonale erfaringar

To større litteraturstudiar, Nicolaisen & Driscoll (2014) og Cruz & Sarmiento (2019) samanfattar store delar av forskning på feltet. For at ei etterprøving av ein transportmodell eller -prognose skal kunne gjennomførast, behøver ein store mengder data, ofte i stor detalj. Transportmodellar og -prognoser er komplekse og samansette av ulike typar inndata og faktorar, og kan variere stort frå prosjekt til prosjekt. Å få tilgang på og samle inn gode nok data er den største utfordringa ved gjennomføring av ei etterprøving av transportprognoser, og fører til at storskala etterprøvingar er relativt sjeldne (Nicolaisen & Driscoll, 2014).

Begge studiane detaljerer typiske forklaringar på unøyaktigheit i transportprognosar. Hovudforklaringane samanfatta av Cruz & Sarmiento (2019) er blant anna opportuniste og optimistisk bias, utilstrekkeligheit i prognosemodellar og data, total usikkerheit og endringar i demografi og arealbruksmønster.

Desse vert støtta av Nicolaisen & Driscoll (2014), Figur 3. Studien understrekar at svært lite dokumentasjon om kva modellar som har vorte nytta er tilgjengeleg i litteraturen, og at slike data vært beskrivne som nær umogelege å skaffe tilgang til, som igjen understrekar problematikken knytta til datainnsamling.

Flyvbjerg et. al. (2005) konkluderer at prognoser for passasjertrafikk på bane ikkje har vorte forbetra over tid. I samme artikkel vert det funne at 84% av passasjerprognosar for bane er feil med meir enn pluss minus 20% det første året med drift, og at 9 av 10 baneprosjekt har overestimert trafikk i det første året med drift. Stor overestimering av passasjerprognosar for baneprosjekt er også støtta i Nicolaisen & Driscoll (2014).

Ein samanlikning av faktisk trafikk og prognoser i løpet av dei første 5 leveåra til eit prosjekt etter slutføring viser at etter kvart som eit prosjekt vert meir etablert, veks trafikken raskare enn prognostisert (Cruz & Sarmiento, 2019).

Author(s)	Auxiliary forecasts	Model specification	Design/ operations	Network/ land use	Politics/ cognition
Mackinder and Evans (1981)	✓				
NAO (1988)	✓	✓			
Pickrell (1990)	✓	✓	✓		✓
Flyvbjerg et al. (2006)	✓	✓		✓	✓
DoT (2007)	✓		✓		
DoT (2008)	✓		✓	✓	
Bain (2009)	✓	✓		✓	✓
Button et al. (2010)	✓	✓			
Parthasarathi and Levinson (2010)	✓	✓		✓	✓
HA (2011)	✓	✓		✓	
Welde and Odeck (2011)	✓	✓			
Nicolaisen (2012)	✓	✓		✓	✓

Figur 3 - Samanlikning av hovudforklaringar gjevne for unøyaktigheit i transportprognosar (Nicolaisen & Driscoll, 2014)

### 3.3 Nasjonale erfaringar

Her i Noreg er det gjennomført få studiar som etterprøver transportmodellar, og dei som finnast er retta mot vegprosjekt (Odeck & Welde, 2017)(Fossum, 2018).

Til kontrast frå det som vert funne internasjonalt, er det i Noreg betre nøyaktigheit i trafikkprognosar, særleg for bompengeprosjekt (Odeck & Welde, 2011).

Det er ikkje funne nokon nasjonale erfaringar med etterprøving av baneprosjekt.

## 4 Teori

I dette kapitlet vert det presentert litt utvald teori med tilknytning til etterprøving og formålet til denne oppgåva.

### 4.1 Skinnfaktor

Reisandes preferansar for val av modalitet, det være seg buss eller bane, vert linka til blant anna sitteplass og rom i køyretøyet (Scherer & Dziekan, 2012).

Attraktiviteten til skinnegående transportmiddel er i stor grad linka til komfort (Tørset, 2002).

### 4.2 Anna litteratur

Tirachini et al. (2013) viser moglege implementasjonar av trengsel i etterspørselsmodellar, og påpeiker negative verknadar av trengsel og redusert komfort for reisande.

Respondentar i reiseundersøkingar oppgjer avrunda avreise- og ankomsttider. I den årlege undersøkinga i nederland er 85-95% av alle rapporterte tidsverdiar (Rietveld, 2001)

## 5 Metode

I dette kapitlet vert val av metode diskutert og vald metode presentert.

### 5.1 Val av metode

I litteraturen er det berre ei etterprøving som er gjort spesifikt for ein transportmodell (Fossum, 2018). Metoden nytta her vart vurdert nytta, men til slutt vald bort. Den einaste offentleg tilgjengelege transportmodelleringa gjennomført av Bybanen i Bergen ex ante er (Tørset, 2002), og denne vart gjennomført i TASS. Å få tak i modellskalet til den då nytta versjonen av TASS og få dette opp og køyre slik at analysar kunne blitt gjennomført vart vurdert til å bli for omfattande arbeid. I tillegg er TASS utdatert og ikkje i bruk lengre, noko som ville gjere eventuelle funn frå ei direkte etterprøving av denne mindre interessante. Frå litteraturen, bla. Nicolaisen & Driscoll (2014) er det også kjend at tilgang på data er ein avgjerande suksessfaktor. Det vert difor avgjort metode på bakgrunn av tilgjengelege dataressursar.

Vald metode i tre delar.

1. Ved å nytte data frå RVU som direkte samanlikningsgrunnlag kan ein etterprøve kor godt LoS-data i modellen svarar til verkelegheita. Det vert identifisert og tilarbeida data frå RVU-ane, og henta ut LoS-data frå RTM gjennom å køyre modellen i CUBE (Citilabs, 2019). Desse analyserast så statistisk ved bruk av statistikkprogrammet SPSS (IBM, 2019).
2. For ytterlegare å sjå på resultatdata frå RTM vert det gjennomført etterprøving av punkttestimat (bla. Flyvbjerg, 2005) for referanseåret 2015, slik det også er mogleg å samanlikne med forløparen med forløparen TASS (Tørset, 2002). Dette gjer det mogleg å seie noko om utviklinga av RTM og norske kortdistansemodellar over tid, samt gjeve eit innblikk i situasjonen no.
3. Det vert identifisert faktorar i RVU som indikerer komfort, med fokus på tilgang på sitteplass og trengsel i køyretøyet. Desse vert analyserte for Bybane og buss, og samanliknast.

Av omsyn til lesaren vert metoden vidare i kapitlet beskrive generelt. Spesifikk tilarbeiding vert presentert saman med analyserte resultat i kapittel 7, og i større djubde i Vedlegg 1.

## 5.2 Identifisering av faktorar til analyse

	<b>Faktor</b>	<b>Type</b>	<b>Definisjon</b>	<b>Analyse</b>
<b>2</b>	Ventetid	Tid	Tida frå ein kjem til haldeplass til ein er om bord i kollektivtransportmiddelet	Samanlikne med RTM, på tvers av modalitetar
<b>2</b>	Om bordtid <sup>1</sup>	Tid	Tida passasjeren er om bord i ein kollektivmodalitet	Samanlikne med RTM
<b>3</b>	Overgangstid	Tid	Tida passasjeren brukar på å skifte mellom to kollektivmodalitetar, også kalla byttetid	Samanlikne med RTM, på tvers av modalitetar
<b>4</b>	Tilbringartid	Tid/komfort	Tida passasjeren nytta for å kome frå førre opphaldsstad til ein haldeplass	Samanlikne på tvers av modalitetar
<b>5</b>	Byttetid	Tid		Samanlikne med RTM, på tvers av modalitetar
<b>5</b>	Sitteplass <sup>2</sup>	Komfort	Sjølvopplevd tilgang på sitteplass på kollektivtransport	Samanlikning på tvers av modalitetar
<b>6</b>	Trengsel <sup>3</sup>	Komfort	Sjølvopplevd trengsel for reisande med ståplass	Samanlikning på tvers av modalitetar
<b>7</b>	Ombordstigingar	Komfort	Tal på bytter	Samanlikne med RTM, på tvers av modalitetar

LoS-data i RTM består av gangtid, ombordtid, ventetid og ombordstigingar. Det vert identifisert data i RVU-ane som svarar til dette.

I tillegg nyttast fleire av dei identifiserte faktorane også til å undersøke kor vidt det er skilnader mellom Bybanen og buss. Faktorane tilbringartid, sitteplass, trengsel og ombordstigingar vert alle inkludert innanfor definisjonen av komfortfaktorar (Tirachini, et al., 2013).

## 5.3 Tilarbeiding av faktorar til analyse

Identifiserte faktorar i RVU tilarbeidast slik at analysen vert mogeleg å gjennomføre. Detaljerte tilarbeidingar for kvar faktor vert presentert saman med resultatata i kapittel 7, og meir detaljerte

### 5.3.1 Generelle tilarbeidingar og avgrensingar

For å samanlikne med LoS-data vert RVU-data avgrensa til reiser internt i Bergen kommune. Dette vert gjort på grunnkrets nivå.

## 5.4 Endringar av inndata for RTM 3.12.2 og 4.1.1

Det vert produsert to inndatafiler for RTM, befolkning\_2015\_faktisk og befolkning\_2015\_prognose. Desse vert nytta for å samanlikne RTM med referanseåret for TASS (Tørset, 2002), som er 2015.

<sup>1</sup> Kun berekna for Bybanen

<sup>2</sup> Kun for datasetta 2016/17 og 2018

<sup>3</sup> Kun for datasetta 2016/17 og 2018

## 5.5 Uthenting av LoS-data frå RTM

Til å hente ut LoS-data frå RTM nyttast eit skript utarbeida av Olav Kåre Malmin (SINTEF), som hentar ut LoS-data for rush- og lågtrafikkperiodar og linkar desse med til- og frågrunnkrets.

## 5.6 Analyse i SPSS

Dei ulike data som skal samanliknast vert så isolerte og testa med ein uavhengig t-test for å avgjere om gjennomsnittsverdiane er signifikant ulike.

# 6 Data

## 6.1 RVU-ar

Reisevaneundersøkingar (RVU-ar) er såkalla «revealed preference»-undersøkingar. Hensikta med RVU er å samle eitt stort datamateriale som kan nyttast til å beskrive befolkningas reiser, og nyttast i planlegging og forskning (TØI, 2019).

Data som samlast inn er blant anna tilgang på ulike transportmiddel, informasjon om reiser respondenten har gjennomført innan ein dag og generelle demografidata som yrkesaktivitet. (TØI, 2019).

Dataa i RVU-ar er samla inn gjennom telefonintervju av selskapet Respons Analyse på vegne av oppdragsgjevar. RVU-ar som inngår er RVU-2008, RVU-2013, RVU-2016/17 og RVU-2018.

Innsamling av dei to førstnemnde er gjort via vegleiar, og dei siste to vart utlevert i mai 2019 etter signering av avtale med Statens Vegvesen.

### 6.1.1 Regionale RVU-ar

RVU-2008 og RVU-2013 er regionale RVU-ar for Bergensområdet.

RVU-2008 vart gjennomført i Bergensområdet hausten 2008. Det har blitt gjennomført intervju med 9 563 personar i alderen 13 år og oppover, kor av 250 er rekruttert frå eit eige studentutval i Bergen. Dei resterande 9 403 respondentane utgjer 3% av innbyggjartalet over 13 år i kvar av dei geografiske delområda av undersøkinga (Meland, 2008).

RVU-2013 vart gjennomført i Bergensområdet hausten 2013. Det har blitt gjennomført intervju med 10 570 personar<sup>4</sup> i alderen 13 år og oppover, kor av 304 er rekruttert frå eit eige studentutval. Dei resterande 10 266 respondentane utgjer 3% av innbyggjartalet i kvar av dei geografiske delområda av undersøkinga (Meland & Nordtømme, 2014).

### 6.1.2 Nasjonale RVU-ar med og utan tilleggsutval

RVU-2016/17 og RVU-2018 er nasjonale RVU-ar, der sistnemnde inkluderar eit tilleggsutval for Bergen og andre storbyområder i Noreg.

Rapporten som følger med RVU-2016/17 er i følge korrespondanse med Statens Vegvesen vorte trekt tilbake for revisjon, og er difor ikkje mogeleg å beskrive her. Det er det minste datasettet når ein avgrensar til Bergen kommune, og inkluderar tilsynelatande ikkje tilleggsutval.

Det er vorte gjeve tilgang til eit foreløpig arbeidsdokument for RVU-2018, der datasettet vert beskrive. RVU-2018 består av tre datafiler, ei personfil, ei reisefil for lange reiser, og ei reisefil for

---

<sup>4</sup> Det oppgjevne talet respondentar i rapporten stemmer ikkje med utlevert datasett, utan at det påverkar analysen. Sjå vedlegg 1 for detaljert beskriving.

daglege reiser. Sistnemnde inneheld 116.252 reiser. Det er dessutan inkludert tilleggsutval for Bergensregionen (TØI, 2019b).

### 6.1.3 Vekting

I RVU-2008 er det svært god representativitet for geografisk fordeling, og den samla kjønns- og aldersfordelinga er god, sjølv om det er visse avvik i fordeling på kjønn og alder på kommunenivå. Det er berre etablert vektorer som blåser utvalet opp til total befolkning i alderen 13 år og meir i undersøkingsområdet (Meland, 2008).

RVU-2013 har tilsvarande karakteristikkar som RVU-2008, med den skilnad at det er etablert to ulike vektorer som kan nyttast på datamaterialet. Ei som blåser opp utvalet til å representere alle innbyggjarar i alderen 13 år og meir, og ei som justerer forholdet mellom det ordinære utvalet og studentutvalet utan å blåse opp resultatata (Meland & Nordtømme, 2014).

For RVU-2016/17 er det etablert ei vekt i det utleverte datasettet, WT\_total. I mangel av dokumentasjon vert det antatt at denne er tilsvarande komponert av tre delvektorar som RVU-2018.

For RVU-2018 er det skeivheit i fordelinga geografisk, på kjønn- og alder, og for vekedag. Det vert difor etablert tre delvektorar: Geografi-sesong-vekt, vekt for alder-kjønn på data vekta for geografi-sesong, og endelig vekt med justering for reisedag. I datasettet er desse kombinert som ei vekt, w\_total (TØI, 2019b). Gjennom korrespondanse med Statens Vegvesen er det blitt klart at den etablerte vektinga berre korrigerer for skeivheit på kommunenivå, og at det for behandling av data på grunnkretsniivå er naudsynt med ytterlegare vekting. Dette vert ikkje gjort i denne analysen.

## 6.2 Passasjerteljingar

Passasjertal i form av teljingar av ombordstigingar vert henta frå offentleg tilgjengelege rapportar frå Hordaland fylkeskommune, og fylkeskommunen sitt kollektivselskap Skyss (Hordaland fylkeskommune, 2014) (Skyss, 2017) (Hordaland fylkeskommune, 2019). Desse er også presentert grafisk tidlegare i oppgåva, Figur 2.

## 6.3 Befolkningsdata

Befolkningsdata er henta frå offentleg tilgjengelege tabellar Statistisk sentralbyrå sine nettsider.

Til uthenting av befolkningsframskriving frå 2002 er Tabell 03375: Framskriven folkemengde per 01.01, alternativ MMMM (K) (2002-framskriving) 2002-2020 nytta (SSB, 2003).

Til uthenting av faktisk befolkning frå 2015 er Tabell 04317: Grunnkretsenes befolkning (G) 1999 – 2019 nytta (SSB, 2019).

I tillegg er befolkningsdata behandla i lys av Tabell 04362: Alders- og kjønnsfordeling for grunnkretsenes befolkning (G) 2001 – 2019 (SSB, 2019b).

Metoden nytta for å tilarbeide befolkningstal svarar til metoden nytta av Tom N. Hamre for utarbeiding av inndata til RTM opprinneleg, med mindre detaljerte tal som utgangspunkt. (Hamre, 2018).

## 7 Resultat

I dette kapittelet vert resultatata frå analysen samt spesifikke metodar for analysen presentert. Resultata presenterast og analyserast kort. Først kjem samanlikningar mellom Bybanen og buss for faktorar som vert samanlikna med LoS-data frå RTM, med unntak av ombordtid. Deretter kjem samanlikningar av LoS-data frå RTM 3.12.2 og 4.1.1 med data frå RVU-ane for Bybanen. Siste delkapittel inneheld etterprøvde punkttestimat.

Etablerte vektorer for RVU-2016/17 og -2018 er nytta i analysen. RVU-2008 og -2013 er vekta lik 1, dette for ikkje å skape støy i datasettet. For detaljar om korleis andre typar vektning slår ut, sjå vedlegg 2.

### 7.1 Analyser av RVU-data

#### 7.1.1 Ventetid

For RVU-2016/17 og -2018 vart respondentar spurd om ventetida for kvar delreise dei har nytta kollektivtransport. Dette samsvarar ikkje med definisjonen av ventetid i kapittel 5.2. Det vert utleia ein metode for å finne ventetid etter denne definisjonen.

1. Dersom transportmiddelet oppgjeve for første delreise er kollektivtransport (q56\_1\_TRANSPORTMIDDEL\_DELREISE=7), vart ventetida satt lik ventetida oppgjeve for denne delreisa (ventetid=q66\_1\_TRANSPORTMIDDEL\_VENTE).  
Kontroller så om alle reiser har ein verdi for ventetid. Om dette ikkje er tilfelle, gå til steg 2.
2. Dersom transportmiddelet oppgjeve for første delreise ikkje er kollektivtransport og transportmiddelet oppgjeve for andre delreise er kollektivtransport (q56\_1\_TRANSPORTMIDDEL\_DELREISE ≠ 7 & q56\_2\_TRANSPORTMIDDEL\_DELREISE=7), vert ventetida satt lik ventetida oppgjeve for delreise 2 (ventetid=q66\_2\_TRANSPORTMIDDEL\_VENTE).
3. Kontroller så om alle reiser har ein verdi for ventetid. Dersom dette ikkje er tilfelle, fortsett ein trinnvis som mellom steg 1 og 2 til alle reisene har ein verdi for ventetid.

Sidan ventetid ikkje samanliknast direkte med LoS-data produsert av RTM, vert ikkje analysen delt i rush- og lågtrafikkperiodar.

##### 7.1.1.1 Bybanen

Tabell 2 – Ventetid i minutt, reiser som inkluderer Bybanen (vekta)

	N	Range	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
2013	985	20	0	20	<b>2,89</b>	3,247
2016/17	55	14	0	14	<b>3,42</b>	2,194
2018	271	27	0	27	<b>3,54</b>	2,929
Total	1311	27	0	27	<b>3,05</b>	3,156




### 7.1.1.2 Buss

Tabell 3 – Ventetid i minutt, reiser som inkluderer buss (vekta)

	N	Range	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
2008	2712	60	0	60	<b>4,20</b>	5,557
2013	2705	60	0	60	<b>3,88</b>	5,164
2016/17	237	50	0	50	<b>3,60</b>	3,827
2018	570	60	0	60	<b>4,90</b>	4,571
Total	6224	60	0	60	<b>4,10</b>	5,254

### 7.1.1.3 Samanlikning

Det er ein skilnad på gjennomsnittleg ventetid for reiser som inkluderer Bybanen og reiser som inkluderer buss, signifikant på 1%-nivå. Differansen er om lag 1 minutt, der gjennomsnittleg ventetid for Bybanen er minst, Figur 4.



Figur 4 - Uavhengig t-test (tosidig), gjennomsnittleg ventetid i minutt. "Error bars" representerer 99% konfidensintervall for gjennomsnittet

### 7.1.2 Overgangstid

For RVU-2008 og -2013 er overgangstid oppgjeve som ein totalverdi for heile reisa, kalla «Byttetid». I RVU-2016/17 og -2018 er det oppgjeve ventetid for kvar individuelle delreise. For å finne overgangstida vert då følgande metode nytta.

1. Variabelen «ventetid» vert berekna som beskrive i kapittel 4.2.
2. Byttetid er lik summen av ventetida for alle delreisene minus variabelen «ventetid».

Sidan overgangstid ikkje samanliknast direkte med LoS-data produsert av RTM, vert ikkje analysen delt i rush- og lågtrafikkperioder.

#### 7.1.2.1 Bybanen

Tabell 4 - Overgangstid for reiser med Bybanen (vekta)

	N	Range	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
2013	293	30,00	,00	30,00	<b>4,1195</b>	5,02828
2016/17	55	23,00	,00	23,00	<b>2,2076</b>	3,86112
2018	267	30,00	,00	30,00	<b>1,3209</b>	3,41955
Total	615	30,00	,00	30,00	<b>2,7326</b>	4,49515


#### 7.1.2.2 Buss

Tabell 5 - Overgangstid for reiser med buss (vekta)

	N	Range	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
2008	438	50,00	,00	50,00	<b>6,2237</b>	7,02888
2013	395	60,00	,00	60,00	<b>6,3266</b>	7,65813
2016/17	237	30,00	,00	30,00	<b>,6936</b>	2,85597
2018	568	49,00	,00	49,00	<b>,7712</b>	3,40463
Total	1638	60,00	,00	60,00	<b>3,5573</b>	6,33450

### 7.1.2.3 Samanlikning

Gjennomsnittleg overgangstid for reiser med Bybanen og reiser med buss er signifikant ulik på 5%-nivå. Skilnaden i gjennomsnittsverdi er om lag 0,8 minutt, der gjennomsnittleg overgangstid med for reiser med buss er størst , **REFERANSE**.



Figur 5 – Gjennomsnittleg overgangstid for reiser med Bybanen og buss . "Error bars" representerer 95%-konfidensintervall for gjennomsnittet

### 7.1.3 Ombordstigingar

For å finne talet på ombordstigingar mellom kollektivmodaliteter er følgjande metode nytta. Merk at tog er inkludert sidan det er mogeleg å ta tog internt i Bergen kommune.

1. Opprett ein rekke nye variablar for bytter, kalla bytte\_1, bytte\_2 og så vidare til og med bytte\_n, der n er lik talet på delreiser minus 1. Sett desse lik 0 med funksjonen «Transform»->«Compute».
2. Dersom reisemiddel n er Bybanen, buss eller tog OG reisemiddel n+1 er Bybanen, buss eller tog, vert variabelen bytte\_n satt lik 1. Nyttar funksjonen «Transform»->«Compute variable» og i feltet «if» skriv ein kode, som for første byttevariabel i RVU-2013 ser slik ut: (rm\_01=6 & rm\_02=6) OR (rm\_01=6 & rm\_02=7) OR (rm\_01=6 & rm\_02=8) OR (rm\_01=7 & rm\_02=6) OR (rm\_01=7 & rm\_02=7) OR (rm\_01=7 & rm\_02=8) OR (rm\_01=8 & rm\_02=6) OR (rm\_01=8 & rm\_02=7) OR (rm\_01=8 & rm\_02=8)<sup>5</sup>.
3. Gjenta dette iterativt til alle variablane bytte\_n er beregna.
4. Opprett så variabelen bytte\_totalt, ved å nytte «Transform»-> «Compute», og sett denne lik null. Summer så variablane bytte\_n saman i variabelen bytte\_totalt med «Transform» -> «Compute», der det i feltet «if» er ein kode som berre endrar bytte\_totalt dersom ein av dei berekna byttevariablane er lik 1. For RVU-2013 ser denne koden slik ut: (bytte\_1>0 OR bytte\_2>1 OR bytte\_3>1 OR bytte\_4>1).
5. Variabelen bytte\_totalt utgjer no talet på bytter for kvar reise.
6. Bereknar ombordstigingar ved å ta bytter\_totalt og legge til ein (første ombordstiging).

Metoden vert nytta sjølv for RVU-2008 og -2013 som har oppgjeve tal på bytter, sidan det ved manuell stikk kontroll vart oppdaga at desse av og til verkar feilaktige (til dømes har respondent 1216 i RVU-2013 oppgjeve 13 bytter for reise 2) eller oppgjeve som manglande sjølv om det er mogeleg å sjå at respondenten har bytta modalitet (til dømes respondent 9537 i RVU-2013).

Til slutt vert det skilt i to analyseperiodar, rushtid og lågtrafikk, sidan ombordstigingar vert samanlikna direkte med LoS-data produsert av RTM.

#### 7.1.3.1 Bybanen

Tabell 6 - Ombordstigingar i lågtrafikk, Bybanen (vekta)

	N	Range	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
2013	416	2	1	3	<b>1,25</b>	,442
2016/17	25	2	1	3	<b>1,13</b>	,377
2018	123	2	1	3	<b>1,26</b>	,474
Total	564	2	1	3	<b>1,24</b>	,446

<sup>5</sup> Merk at ikkje alle kombinasjonane nødvendigvis er mogelege i praksis for dei gjevne reisene i den enkelte RVU, som til dømes reisemiddel 1 lik tog og reisemiddel 2 lik Bybane for ein reise frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen. Desse vil ikkje ha noko å sei for resultatet av metoden, men vert inkludert for at metoden kan repliserast enklast mogeleg for dei ulike RVU-ane.

Tabell 7 - Ombordstigingar i rushtrafikk, Bybanen (vekta)

	N	Range	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
2013	572	2	1	3	<b>1,34</b>	,497
2016/17	32	2	1	3	<b>1,49</b>	,554
2018	157	1	1	2	<b>1,28</b>	,452
Total	761	2	1	3	<b>1,34</b>	,491

### 7.1.3.2 Buss

Tabell 8 – Ombordstigingar per reise i lågtrafikk, buss (vekta)


	N	Range	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
2008	1178	2	1	3	<b>1,08</b>	,283
2013	1142	4	1	5	<b>1,05</b>	,258
2016/17	96	1	1	2	<b>1,64</b>	,481
2018	272	2	1	3	<b>1,08</b>	,287
Total	2688	4	1	5	<b>1,09</b>	,303

Tabell 9 – Ombordstigingar per reise i rushtrafikk, buss (vekta)

	N	Range	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
2008	1535	2	1	3	<b>1,08</b>	,291
2013	1566	2	1	3	<b>1,06</b>	,252
2016/17	151	2	1	3	<b>1,67</b>	,476
2018	322	2	1	3	<b>1,14</b>	,375
Total	3574	2	1	3	<b>1,10</b>	,318


### 7.1.3.3 Samanlikning

Gjennomsnittleg ombordstigingar per reise i rushtrafikk for reiser med Bybanen og reiser med buss er signifikant ulik på 1%-nivå,. Skilnaden i gjennomsnittsverdi er 0,15, der talet på gjennomsnittlege ombordstigingar per reise for Bybanen er størst, **REFERANSE**.



Figur 6 - Gjennomsnittlege ombordstigingar per reise i lågtrafikk for reiser med Bybanen og buss . "Error bars" representerer 99%-konfidensintervall for gjennomsnittet

Gjennomsnittleg ombordstigingar per reise i rushtrafikk for reiser med Bybanen og reiser med buss er signifikant ulik på 1%-nivå,. Skilnaden i gjennomsnittsverdi er 0,24, der talet på gjennomsnittlege ombordstigingar per reise for Bybanen er størst, **REFERANSE**.



Figur 7 – Gjennomsnittlege ombordstigingar per reise i rushtrafikk for reiser med Bybanen og buss . "Error bars" representerer 99%-konfidensintervall for gjennomsnittet

#### 7.1.4 Tilbringartid

Det finst ulike måtar å berekne tilbringartid. For alle datasetta unntatt RVU-2008 finnast ein variabel som indikerer respondentens nærleik til næraste aktuelle kollektivhaldeplass. I RVU-2013 er denne oppgjeve som minutt gangtid, medan den i RVU-2016/17 og -2018 er oppgjeve som distanse i kilometer. Å rekne desse om til tidsverdiar gjer dei mogeleg å analysere saman med RVU-2013. Omrekninga vert gjort med følgjande formel:

$$gangavstand_{min} = \frac{avstand_{meter}}{gangfart_{m/s}} * \frac{1min}{60s}$$

Til utrekning med formelen nyttast to ganghastigheiter: 3 km/t (0,835 m/s), som skal representere vanlig gangfart, og 5 km/t (1,389 m/s), tilsvarande rask gangfart. Sistnemnde fart er verdien nytta for gangfart i RTM (Malmin & Frøyen, 2017). Dette er **tilnærming 1**.

I RVU-2008 og -2013 er det i tillegg oppgjeve total gangtid for reisa. Ei forenkla tilnærming til tilbringartid vert då å dele denne på to. Då antar ein at gangtida frå startpunktet for reisa til haldeplass for påstiging er om lag lik gangtida frå haldeplassen for avstiging til endepunktet for reisa. I tillegg vert det gjort utrekningar der det er antatt er at gangtida til haldeplass for påstiging er 1/3 (deler på tre) og 2/3 (deler på 1,5). Dette er **tilnærming 2**.

Begge tilnærmingar gjeld alle reiser der Bybanen er nytta, anten den er einaste nytta modalitet eller ein av fleire, og tilsvarande for buss. For feilkjelder sjå vedlegg 1.

##### 7.1.4.1 Bybanen

###### 7.1.4.1.1 Tilnærming

Tabell 10 - Tilbringartid i minutt når gangfart er lik 3 eller 5 km/t, Bybanen (kombinert)

	gangtid_alle_3km				gangtid_alle_5km			
	2013	2016/17	2018	Total	2013	2016/17	2018	Total
N	980	47	213	1240	980	47	213	1240
Range	20,00	25,95	29,94	29,94	20,00	15,60	18,00	20,00
Minimum	,00	,00	,00	,00	,00	,00	,00	,00
Maximum	20,00	25,95	29,94	29,94	20,00	15,60	18,00	20,00
<b>Mean</b>	<b>5,0041</b>	<b>9,4986</b>	<b>7,1718</b>	<b>5,5476</b>	<b>5,0041</b>	<b>5,7101</b>	<b>4,3113</b>	<b>4,9120</b>
Std. Deviation	3,56237	5,38560	6,00293	4,30753	3,56237	3,23756	3,60867	3,56894

#### 7.1.4.1.2 Tilnærming 2

Tabell 11 - Tilbringartid utgjør halve, ein tredel, eller to tredelar av gangtida, Bybanen (vekta)

År = 2013	gangtid_half	gangtid_tredel	gangtid_totredel
N	26875	26875	26875
Range	29,50	19,67	39,33
Minimum	,50	,33	,67
Maximum	30,00	20,00	40,00
<b>Mean</b>	<b>4,4609</b>	<b>2,9739</b>	<b>5,9479</b>
Std. Deviation	3,25192	2,16795	4,33589

#### 7.1.4.2 Buss

##### 7.1.4.2.1 Tilnærming 1

Tabell 12 - Tilbringartid i minutt når gangfart er lik 3 eller 5 km/t, buss (vekta)

	gangtid_3kmt_samla				gangtid_5kmt_samla			
	2013	2016/17	2018	Total	2013	2016/17	2018	Total
N	2692	209	526	3427	2692	209	526	3427
Range	20,00	29,94	29,94	29,94	20,00	18,00	18,00	20,00
Minimum	,00	,00	,00	,00	,00	,00	,00	,00
Maximum	20,00	29,94	29,94	29,94	20,00	18,00	18,00	20,00
<b>Mean</b>	<b>4,5672</b>	<b>8,2067</b>	<b>7,3367</b>	<b>5,2139</b>	<b>4,5672</b>	<b>4,9335</b>	<b>4,4105</b>	<b>4,5655</b>
Std. Deviation	3,36246	7,51863	6,28901	4,46484	3,36246	4,51984	3,78065	3,51030



### 7.1.4.2.2 Tilnærming 2

Tabell 13 - Tilbringartid utgjør halvparten, ein tredel eller to tredelar av gangtida, buss (vekta)

	gangtid_half			gangtid_tredel			gangtid_totredel		
	2008	2013	Total	2008	2013	Total	2008	2013	Total
N	70188	71665	141853	70188	71665	141853	70188	71665	141853
Range	29,50	29,50	29,50	19,67	19,67	19,67	39,33	39,33	39,33
Minimum	,50	,50	,50	,33	,33	,33	,67	,67	,67
Maximum	30,00	30,00	30,00	20,00	20,00	20,00	40,00	40,00	40,00
<b>Mean</b>	<b>4,1039</b>	<b>4,0294</b>	<b>4,0662</b>	<b>2,7359</b>	<b>2,6863</b>	<b>2,7108</b>	<b>5,4718</b>	<b>5,3725</b>	<b>5,4217</b>
Std. Deviation	3,07861	2,84025	2,96081	2,05240	1,89350	1,97387	4,10481	3,78700	3,94775


### 7.1.4.3 Samanlikning

Samanliknar gjennomsnittleg tilbringartid for reiser som inkluderer Bybanen med reiser som inkluderer buss. Sidan dei to datasetta kjem frå ulike utval nytttes ein uavhengig t-test.

#### 7.1.4.3.1 Tilnærming 1

Gjennomsnittleg tilbringartid for reiser med Bybanen og reiser med buss er signifikant ulik på 1%-nivå. Skilnaden i gjennomsnittsverdi er mellom om lag 0,3-0,6 minutt, der tilbringartida til Bybanen er størst, Tabell 14.


Tabell 14 - Gjennomsnittleg tilbringartid i minutt for reiser med buss og Bybanen, tilnærming 1. "Error bars" representerer 95%-konfidensintervall for gjennomsnittet



#### 7.1.4.3.2 Tilnærming 2

Gjennomsnittleg tilbringartid for reiser med Bybanen og reiser med buss er signifikant ulik på 1%-nivå. Skilnaden i gjennomsnittsverdi er mellom om lag 0,3-0,6 minutt, der tilbringartida til Bybanen er størst, Tabell 70.

Tabell 15 - Gjennomsnittleg tilbringartid i minutt for reiser med buss og Bybanen, tilnærming 2. "Error bars" representerer 99%-konfidensintervall for gjennomsnittet




### 7.1.5 Sitteplass

Data om sitteplass er oppgjeve på to ulike måtar i grunnlaget. I RVU-2008 og -2013 er det eitt spørsmål som spør om ein som regel får sitteplass når ein reiser kollektiv til arbeid. Desse kan samanliknast med kvarandre. Dette er **tilnærming 1**. Merk at Bybanen ikkje eksisterte i 2008, og følgjeleg ikkje er inkludert i RVU-2008.

For RVU-2016/17 og -2018 er det spurt om respondenten fekk sitteplass for kvar enkelt registrerte delreise med kollektivtransport. Desse kan samanliknast med kvarandre. Dette er **tilnærming 2**.

#### 7.1.5.1 Bybanen

##### 7.1.5.1.1 Tilnærming 1




Cases weighted by RVU\_OPP: Blåser opp til totalbefolkning, inkludert studentmasse i Bergen

Figur 8 - «Når du reiser kollektivt til arbeid, får du da som regel sitteplass?», reiser med Bybanen, prosent (vekta). N=14784

### 7.1.5.1.2 Tilnærming 2

### 7.1.5.2 Buss


#### 7.1.5.2.1 Tilnærming 1



Figur 9 - «Når du reiser kollektivt til arbeid, får du da som regel sitteplass?», reiser med buss, prosent (vekta). N=74712

### 7.1.5.2.2 Tilnærming 2

Spørsmålet stilt til respondentane i RVU-2016/17 og -2018 er: «Hadde du sitteplass på heile eller delar av reisa?»




Figur 10 - Sitteplass på reiser med buss, i prosent. N=1594

### 7.1.5.3 Samanlikning

#### 7.1.5.3.1 Tilnærming 1


Det er stor skilnad på reisande som har nytta Bybane og buss. Over 87 % av respondentane som nyttar buss oppgjer at dei får sitteplass heile eller delar av vegen, mot 71% for respondentar som nyttar Bybanen, Figur 11.



Figur 11 - «Når du reiser kollektivt til arbeid, får du da som regel sitteplass?», samanlikning av Bybanen og buss (vekta)

#### 7.1.5.3.2 Tilnærming 2

Det er stor skilnad på reisande som har nytta Bybanen og buss. Over 90% av respondentane som har nytta buss oppgjer at dei får sitteplass heile eller mesteparten av vegen, mot om lag 78% for respondentar som har nytta Bybanen. Heile 18% av reisande med Bybanen oppgjer at dei ikkje hadde sitteplass, tilsvarande verdi er 4,3% for buss.




Figur 12 - «Hadde du sitteplass på heile eller delar av reisa?», samanlikning av Bybanen og buss, prosent (vekta)

### 7.1.6 Trengsel ved ståplass


Data om trengsel ved ståplass er oppgjeve berre for RVU-2016/17 og -2018. Spørsmålet stilt til respondentane er «Kor trangt var det å stå?». Ut i frå formuleringa på spørsmålet vert det antatt at respondentar som svarte på dette svarte noko anna enn at dei hadde sitteplass heile reisa på spørsmål om sitteplass.

#### 7.1.6.1 Bybanen




Figur 13 – «Kor trangt var det å stå?», reiser med Bybanen, prosent (vekta). N=76

#### 7.1.6.2 Buss



Figur 14 - «Kor trangt var det å stå?», reiser med buss, prosent (vekta). N=40

### 7.1.6.3 Samanlikning




Figur 15 - «Kor trangt var det å stå?»: Samanlikning av Bybanen og buss, prosent (vekta)

For trengselen reisande opplev når dei har ståplass, er det tydeleg skilnad på dei som tar Bybanen og dei som tar buss. Reisande med buss opplev nær 10% høgare trengsel, sjølv om lag ein tredel av respondentar for begge modalitetar oppgjer at dei hadde god plass å stå, Figur 15.


### 7.1.7 Forseinkingar

I RVU-2016/17 og -2018 er respondentar spurt om forseinkingar for kvar gjennomførte delreise, i to spørsmål. «Kom kollektivtransport til fastsett rutetid?» og «Kor mange minutt forseinka?». Frå formuleringa kan ein anta at det siste spørsmålet berre er stilt til respondentar som svara ja på det første.

#### 7.1.7.1 Bybanen




Figur 16 - «Kom kollektivtransport til fastsett rutetid?», reiser med Bybanen, prosent (vekta). N=435



Figur 17 - «Kor mange minutt forseinka?», reiser med Bybanen, prosent (vekta). N=13




### 7.1.7.2 Buss



Cases weighted by vekt\_inkbuss


Figur 18 - «Kom kollektivtransport til fastsett rutetid?», reiser med buss, prosent (vekta). N=938




Figur 19 - «Kor mange minutt forsinkelse?», reiser med buss, prosent (vekta). N=111

### 7.1.7.3 Samanlikning

Det er klare skilnader på Bybanen og buss når d. Buss er forseinka/innstilt nær 12% av tida mot 3% for Bybanen, Figur 20. Det er også skilnader på kor mykje modaliteten er forseinka, der Bybanen er meir forseinka i minutt, Figur 21.



Figur 20 - «Kom kollektivtransport til fastsett rutetid?», samanlikning av Bybanen og buss, prosent (vekta)



Figur 21 - «Kor mange minutt forseinka?», samanlikning av Bybanen og buss, prosent (vekta)

## 7.2 Samanlikning av RTM og RVU


For å samanlikne LoS-data frå RTM med korresponderande verdier frå RVU nyttast følgjande metode:

1. Kva enkelt variabel frå RVU, t.d. ombordtid, delast inn i to separate filer for rush- og lågtrafikk, basert på starttida for reiser.
2. Ved å nytte kommandoen «Data»-> «Merge», der «key» vert satt som nøkkelvariabel, vert så LoS-data frå RTM importert inn.
3. Gjennomfører uavhengig t-test.

### 7.2.1 Ombordtid


#### 7.2.1.1 Lågtrafikk

Gjennomsnittleg ombordtid i lågtrafikk for LoS-data frå RTM3.12.2 og RVU-ar er signifikant forskjellig på 1%-nivå. Skilanden er om lag 4 minutt, og gjennomsnittleg ombordtid frå RVU er størst, Figur 22.



Figur 22 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 3.12.2 med RVU, ombordtid i lågtrafikk. "Error bars" representerer 99% konfidensintervall for gjennomsnittet


Gjennomsnittleg ombordtid i lågtrafikk for LoS-data frå RTM 4.1.1 og RVU-ar er signifikant forskjellig på 1%-nivå. Skilanden er om lag 4 minutt, og gjennomsnittleg ombordtid frå RVU er størst, Figur 23.



Figur 23 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 4.1.1 med RVU, ombordtid i lågtrafikk. "Error bars" representerer 99% konfidensintervall for gjennomsnittet


### 7.2.1.2 Rushtrafikk

Gjennomsnittleg ombordtid i rushtrafikk for LoS-data frå RTM 3.12.2 og RVU-ar er signifikant forskjellig på 1%-nivå. Skilanden er om lag 2 minutt, og gjennomsnittleg ombordtid frå RVU er størst, Figur 24.



Figur 24 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 3.12.2 med RVU, ombordtid i rushtrafikk. "Error bars" representerer 99% konfidensintervall for gjennomsnittet

Gjennomsnittleg ombordtid i rushtrafikk for LoS-data frå RTM 4.1.1 og RVU-ar er signifikant forskjellig på 1%-nivå. Skilanden er om lag 4 minutt, og gjennomsnittleg ombordtid frå RVU er størst, Figur 25.




Figur 25 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 4.1.1 med RVU, ombordtid i rushtrafikk. "Error bars" representerer 99%-konfidensintervall for gjennomsnittet

## 7.2.2 Ventetid


### 7.2.2.1 Lågtrafikk

Gjennomsnittleg ventetid i lågtrafikk for LoS-data frå RTM 3.12.2 og RVU-ar er signifikant forskjellig på 5%-nivå. Skilanden er om lag 2,5 minutt, og gjennomsnittleg ombordtid frå RTM er størst, Figur 26.



Figur 26 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 3.12.2 med RVU, ventetid i lågtrafikk. "Error bars" representerer 95% konfidensintervall for gjennomsnittet


Gjennomsnittleg ventetid i lågtrafikk for LoS-data frå RTM 4.1.1 og RVU-ar er ikkje signifikant forskjellig,



Figur 27 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 4.1.1 med RVU, ventetid i lågtrafikk. "Error bars" representerer 95% konfidensintervall for gjennomsnittet


### 7.2.2.2 Rushtrafikk

Gjennomsnittleg ventetid i rushtrafikk for LoS-data frå RTM 3.12.2 og RVU-ar er signifikant forskjellig på 5%-nivå. Skilanden er om lag 1 minutt, og gjennomsnittleg ventetid for RTM er størst,



Figur 28 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 3.12.2 med RVU, ventetid i rushtrafikk. "Error bars" representerer 95% konfidensintervall for gjennomsnittet

Gjennomsnittleg ventetid i rushtrafikk for LoS-data frå RTM 4.1.1 og RVU-ar er ikkje signifikant forskjellig,




Figur 29 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 4.1.1 med RVU, ventetid i rushtrafikk. "Error bars" representerer 95% konfidensintervall for gjennomsnittet



## 7.2.3 Ombordstigingar


### 7.2.3.1 Lågtrafikk

Gjennomsnittlege ombordstigingar i lågtrafikk for LoS-data frå RTM 3.12.2 og RVU-ar er ikkje signifikant forskjellig,



Figur 30 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 3.12.2 med RVU, ombordstigingar i lågtrafikk. "Error bars" representerer 95% konfidensintervall for gjennomsnittet

Gjennomsnittlege ombordstigingar i lågtrafikk for LoS-data frå RTM 4.1.1 og RVU-ar er ikkje signifikant forskjellig,




Error Bars: 95% CI

Figur 31 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 4.1.1.1 med RVU, ombordstigingar i lågtrafikk. "Error bars" representerer 95% konfidensintervall for gjennomsnittet

### 7.2.3.2 Rushtrafikk


Gjennomsnittlege ombordstigingar i rushtrafikk for LoS-data frå RTM 3.12.2 og RVU-ar er ikkje signifikant forskjellig,



Error Bars: 95% CI

Figur 32 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 3.12.2 med RVU, ombordtid i rushtrafikk. "Error bars" representerer 95% konfidensintervall for gjennomsnittet

Gjennomsnittlige ombordstigingar i lågtrafikk for LoS-data frå RTM 4.1.1 og RVU-ar er signifikant forskjellig på 5%-nivå. Skilnaden er om lag 0,1 ombordstigingar, der talet på ombordstigingar for RVU er høgast,



Figur 33 - Uavhengig t-test, samanlikning av LoS-data frå RTM 4.1.1 med RVU, ombordstigingar i rushtrafikk. "Error bars" representerer 95% konfidensintervall for gjennomsnittet

### 7.3 Påstigingar pr. døgn

Verdiane for både RTM 3.12.2 og RTM 4.1.1 er ekstremt høge. Det er uklart kvifor det har blitt slik, og analysen vert avbrote.

#### 7.3.1 RTM 3.12.2

##### 7.3.1.1 DOM Bergen, Basis 2016

Tabell 16 – Påstigingar pr. døgn, befolkningsinndata nytta som inndata er befolkningsframskriving 2002-2015

	Rushtrafikk	Lågtrafikk	Sum
Bybanen	25916	55589	<b>81505</b>

Tabell 17 – Påstigingar pr. døgn, befolkningsinndata nytta som inndata er faktisk befolkning 2015

	Rushtrafikk	Lågtrafikk	Sum
Bybanen	25916	55591	<b>81507</b>

#### 7.3.2 RTM 4.1.1

##### 7.3.2.1 DOM Bergen, Basis 2018

Tabell 18 – Påstigingar pr. døgn, befolkningsinndata nytta som inndata er befolkningsframskriving 2002-2015

	Rushtrafikk	Lågtrafikk	Sum
Bybanen	26992	64290	<b>91282</b>

Tabell 19 – Påstigingar pr. døgn, befolkningsinndata nytta som inndata er faktisk befolkning 2015

	Rushtrafikk	Lågtrafikk	Sum
Bybanen	30645	66254	<b>96899</b>

## 8 Diskusjon

### 8.1 Er det nokon skilnad på Bybanen og buss som transportsystem i verkelegheita som tilseier at dei burde modellerast ulikt?

For samlede tidsfaktorar er det signifikant skilnad på Bybanen og buss, men sjølv om skilnadane er til stades i relativ forstand, er det i absolutte verdiar tilnærma ingen skilnad på dei to modalitetane.

Det er i litteraturen sterkt grunnlag for eksistensen av ein skinnefaktor som er knytt opp mot komfort. For dei definerte komfortverdiane analysert i oppgåva er det signifikant skilnad, der det med buss er betre tilgang på sitjeplass, medan det er meir romsleg å stå på Bybanen. Bybanen og buss kjem også om lag like ofte presis etter rutetida, og har ei tilnærma lik tilbringartid, sjølv om denne er signifikant forskjellig for gjennomsnittsverdien.

Det er mogeleg at desse marginale skilnadane utgjer nok til at ein kan seie at dette er ein tydeleg representasjon for skinnefaktor, men dette verkar ikkje sannsynleg. Det er meir plausibelt at det i så fall finnast andre forklaringar på den eventuelle attraktiviteten til Bybanen over buss, som utgreia i (Scherer & Dziekan, 2012): Bybanen er nyare, og har kanskje fleire positive assosiasjonar knytt til seg som ein følge av dette.

### 8.2 Kor godt samsvarar LoS-data produsert av RTM med verkelegheita?

LoS-data frå RTM samsvarar godt med verkelegheita. RTM 4.1.1 har ikkje signifikant skilnad til RVU-data for ventetid i lågtrafikk, rushtrafikk og ombordstigingar i lågtrafikk. RTM 3.12.2 er ikkje signifikant forskjellig for ombordstigingar i låg og rushtrafikk.

Som for faktorane som har blitt samanlikna på tvers av modalitetane buss og Bybane, er det i absolutte verdiar svært liten skilnad på RTM-produserte LoS-data og tilsvarende RVU-data. Dersom me tek omsyn til at respondentar på reiseundersøkingar har ein tendens til å avunde oppgjevne tidsverdiar (Tirachini, et al., 2013), er det ikkje urimeleg å seie at LoS-data frå RTM samsvarar særst godt med verkelegheita.

### 8.3 Kor nøyaktige trafikkprognosar produserer RTM, og er desse blitt betre over tid?

Tal for ombordstigingar i rush- og lågtrafikk for kvar enkelt kollektivlinje vert generert av RTM som resultatdata. Før køyring av RTM 3.12.2 og RTM 4.1.1 vart det endra inndata til befolkningsprognose for 2015 frå 2002-framskrivinga, noko som har gjeve ekstremt høge verdiar for påstigingar i og utanfor rush.

Analysen vart difor avbrott grunna manglande tid til å undersøke kva som gjekk feil, og forskingss spørsmålet vert ikkje svara ut.

### 8.4 Er samanlikningsgrunnlaget godt nok for den valde etterprøvningsmetoden?

RTM er ein omfattande og kompleks transportmodell. I lys av den feilslåtte punktetterprøvinga av trafikkprognosen, er det grunn til å seie at datagrunnlaget for den valde etterprøvningsmetoden ikkje er god nok. Likevel har det vore mogeleg å gjennomføre analysen, og resultatata gjev rom for tolking. Samanlikningsgrunnlaget er ikkje godt nok for alle aspekt av metoden, men det er meir enn tilstrekkeleg for samanlikning av LoS-data med verkelegheita. Om denne analysen skulle vert gjennomført igjen, ville det vært hensiktsmessig å fokusere berre på dette aspektet av etterprøvinga.

### 8.5 Er vald analyse hensiktsmessig for å etterprøve RTM?

Denne samanlikninga av to modalitetar er eigentleg ikkje så god for å sei noko om representasjon i modellen. Det er riktig nok to separate modalitetar, men modellen har mogelegheita for å modellere enkelttilfelle av kvar modalitet på ulikt vis. Difor vært det å analysere buss mot Bybanen på

modalitetsnivå lite innsiktsfullt, då busstilbodet varierer i langt større grad enn Bybanen. Det ein burde gjere, er å identifisere ei eller fleire busslinjer med like karakteristikkar som Bybanen. Karakteristikkane ein burde søke å ha størst mogeleg grad av likskap er total reisetid frå endestopp til endestopp, frekvens og tal på moglege byttestader/knutepunkt til andre busslinjer eller modalitetar langs ruta. Det er også viktig at desse karakteristikkane ikkje vert endra i analyseperioden ein vel.

Dette er ikkje data ein kan finne i RVU, då det ikkje er oppgjeve informasjon om kva bussruter respondentar har nytta. Det næraste ein kjem er registreringa av start- og endestopp som eksisterer i RVU-ane frå og med RVU-2016/17, men denne identifiserer ikkje busslinja, noko som kan være problematisk dersom fleire linjer stopper ved same haldeplass/knutepunkt, som er noko som ein bør ønske at busslinja ein skal samanlikne med Bybanen gjer. Respondentar er riktig nok spurt kor ofte kollektivtransporten dei nyttar går derfrå i rushtid, men dette er ikkje god nok stadfesting til den tenkte analysen.

I tida framover ligg det an til ekspansjon av Bybanen. Trase nordover mot Åsane og trase til Fyllingsdalen. Dette vil vanskeleggjere denne samanlikninga i same geografiske område. Det er mogleg å samanlikne med busslinjer andre stader, men dette vil igjen medføre ein annan type komplikasjonar.

## 9 Konklusjon

Den valde analysen, fordelt på tre underordna forskningsspørsmål, gjev blanda resultat. På den eine sida svarar LoS-data frå RTM godt til tilsvarande verdiar frå verkelegheita representert ved RVU, på den andre sida vart det ikkje mogleg å fullføre den tradisjonelle punktetterprøvinga av trafikkprognosen grunna teknisk og menneskeleg feil.

Det vert funne signifikante skilnadar på buss og Bybanen som transportsystem, skilnadar som i dei fleste av dei analyserte tilfella går i favør Bybanen. Det er likevel ikkje snakk om store skilnadar i absoluttverdi, og det vert konkludert med at det er lite hensiktsmessig å tolke resultata som bevis på eksistensen av ein preferanse for Bybanen over buss på grunnlag av desse.

Kor godt samsvarar modellrepresentasjonen av Bybanen i RTM med verkelegheita? Konklusjonen av denne analysen vert at den samsvarar godt, og avgjort godt nok, på grunnlag av samanlikninga av LoS-data frå modellen med samsvarande verdiar frå RVU. Kor vidt det er reelle skilnadar på ein verdi som ombordtida i modellen og ombordtida i verkelegheita, eller om respondentar rundar av tidene så verdiane ikkje vert samanliknbare, er eit tema som bør være gjenstand for vidare forskning.

I denne oppgåva er det berre utforska ei direkte potensiell etterprøving av RTM ved bruk av RVU-data. Potensielle andre samanlikningspunkt og etterprøvingemetodar kan med fordel utredas i framtida, og vert her foreslått som vidare forskning..

## 10 Bibliografi

- Aftenposten, 2018. *Fornebubanen får 391 millioner*. [Internett]  
Available at: <https://www.aftenposten.no/osloby/i/71006v/-Fornebubanen-far-391-millioner>  
[Funnet 2019].
- Bain, R., 2009. Error and optimism bias in toll road traffic forecasts. *Transportation*, 36(5), pp. 469-482.
- Bergensprogrammet, 2018. *Bybanefakta*. [Internett]  
Available at: <http://bergensprogrammet.no/bybanefakta>  
[Funnet 2019].
- Citilabs, 2019. *CUBE - Transportation & land-use modeling*. [Internett]  
Available at: <http://www.citilabs.com/software/cube/>  
[Funnet 2019].
- Cruz, V. O. & Sarmiento, J. M., 2019. Traffic forecast inaccuracy in transportation: a literature review of roads and railways projects. *Transportation*, Januar, pp. 1-36.
- Econ Pöyry, 2009. *Evaluering av persontransportmodeller*, Oslo: Econ Pöyry AS.
- Engebretsen, Ø., Christiansen, P. & Strand, A., 2017. Bergen light rail - Effects on travel behaviour. *Journal of Transport Geography* vol. 62, pp. 111-121.
- Flyvbjerg, B., 2005. Measuring inaccuracy in travel demand forecasting: methodological considerations regarding ramp up and sampling. *Transportation Research Part A* 39, pp. 522-530.
- Flyvbjerg, B., 2009. Survival of the Unfittest: Why the Worst Infrastructure Gets Built - And What We Can Do About It. *Oxford Review of Economic Policy*, vol. 25(3), Desember, pp. 344-367.
- Flyvbjerg, B., Skamris Holm, M. K. & Buhl, S. L., 2005. How (In)accurate Are Demand Forecasts in Public Works Projects?: The Case of Transportation. *Journal of the American Planning Association* 71:2, pp. 131-146.
- Fossum, M., 2018. *Etterprøving av transportmodeller*, Trondheim: NTNU.
- Hamre, T. N., 2018. *Befolkningsframskrivinger fordelt på grunnkretser til RTM*, Sarpsborg: Numerika.
- Hordaland fylkeskommune, 2014. *Kollektivmeldinga 2014*, Bergen: Hordaland fylkeskommune.
- Hordaland fylkeskommune, 2019. *Ny rekord i kollektivreiser*. [Internett]  
Available at: [https://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2019/ny-rekord-i-kollektivreiser/?fbclid=IwAR0u6bWBCVj\\_15CDnqT0Wt381yH6DwXQWTTY2j3PHJ](https://www.hordaland.no/nn-NO/nyheitsarkiv/2019/ny-rekord-i-kollektivreiser/?fbclid=IwAR0u6bWBCVj_15CDnqT0Wt381yH6DwXQWTTY2j3PHJ)  
[Funnet 2019].
- IBM, 2019. *IBM SPSS Statistics - Leading statistical software that helps you quickly and easily find new insights in your data*. [Internett]  
Available at: <https://www.ibm.com/no-en/marketplace/spss-statistics>  
[Funnet 2019].
- iTromsø, 2015. *Skal utrede bybane*. [Internett]  
Available at: <https://www.itromso.no/nyheter/article11475776.ece>  
[Funnet 2019].

- Kleven, O., 2012. *Hvorfor transportmodeller?*. [Internett]  
Available at: <https://www.regjeringen.no/contentassets/1f41f9b3e9c34acc86f57192dafeff4f/oskarklevenhvorførtansportmodeller270812.pdf>  
[Funnet 2019].
- Malmin, O. K. & Frøyen, Y. K., 2017. *Modell for gange, fart og rutevalg*, Trondheim: SINTEF.
- Meland, S., 2008. *Reisevandeundersøkelse for Bergensområdet 2008 - Datagrunnlag og hovedresultatar*, Trondheim: SINTEF Teknologi og samfunn.
- Meland, S. & Nordtømme, M. E., 2014. *Reisevaneundersøkelse for Bergensområdet 2013 - datagrunnlag og hovedresultater*, Trondheim: SINTEF Teknologi og samfunn.
- Miljøpakken, 2019. *Politisk behandling*. [Internett]  
Available at: <https://miljopakken.no/om-miljopakken/politisk-styring/politisk-behandling>  
[Funnet 2019].
- Nicolaisen, M. S. & Driscoll, P. A., 2014. Ex-Post Evaluations of Demand Forecast Accuracy: A Literature Review. *Transport Reviews* 34:4, pp. 540-557.
- Norconsult, 2013. *Bybane Grenland - Mulighetsstudie for byutvikling og bybane*, Sandvika: Norconsult AS.
- Odeck, J. & Welde, M., 2011. Transportplanlegging: Mangelfulle analyser, men tegn på god norsk praksis. *Samferdsel*, nr. 8.
- Odeck, J. & Welde, M., 2017. The accuracy of toll road traffic forecasts: An econometric evaluation. *Transportation Research Part A* 101, pp. 73-85.
- Regjeringen Solberg, 2017. *Meld. St. 33 (2016-2017) - Nasjonal transportplan 2018-2029*. [Internett]  
Available at: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-33-20162017/id2546287/>  
[Funnet 2019].
- Rekdal, J., Larsen, O. I., Løkketangen, A. & Hamre, T. N., 2013. *TraMod\_By del 1: Etablering av nytt modellsystem*, Molde: Møreforskning Molde AS.
- Rietveld, P., 2001. Rounding of Arrival and Departure Times in Travel Surveys: An Interpretation in Terms of Scheduled Activities. *Tinbergen Institute Discussion Papers* 01-110/3.
- Rogalands avis, 2012. *Vedtok bussvei*. [Internett]  
Available at: <https://www.dagsavisen.no/rogalandsavis/vedtok-bussvei-1.634596>  
[Funnet 2019].
- Scherer, M. & Dziekan, K., 2012. Bus or Rail: An Approach to Explain the Psychological Rail Factor. *Journal of Public Transportation*, vol. 15(1), pp. 75-93.
- Skyss, 2016. *No veks Bybanen*. [Internett]  
Available at: <https://www.skyss.no/Verdt-a-vite/Nytt-fra-Skyss/lengre-bybanevogner/>  
[Funnet 2019].
- Skyss, 2017. *Kollektivstrategi for Hordaland - Årsrapport 2017*, Bergen: Skyss.



SSB, 2003. *Befolkningsframskrivinger*. [Internett]  
Available at: <https://www.ssb.no/statbank/table/03375/>  
[Funnet 2019].

SSB, 2019b. *Befolkning*. [Internett]  
Available at: <https://www.ssb.no/statbank/table/04362>  
[Funnet 2019].

SSB, 2019. *Befolkning*. [Internett]  
Available at: <https://www.ssb.no/statbank/table/04317>  
[Funnet 2019].

Sunnmørsposten, 2016. *Nå blir bybanen utredet*. [Internett]  
Available at: <https://www.smp.no/nyheter/2016/04/07/Nå-bli-bybanen-utredet-12570906.ece>  
[Funnet 2019].

Tørset, T., 2002. *Kompletterende beregninger for analyse av Bybane i Bergen*, Trondheim: SINTEF Bygg og miljø.

Tirachini, A., Hensher, D. A. & Rose, J. M., 2013. Crowding in public transport systems: Effects on users, operation and implications for the estimation of demand. *Transportation Research Part A* 53, pp. 36-52.

TØI, 2019b. *Vekting av RVU 2018, foreløpige data (UTKAST TIL TØI-RAPPORT)*, Oslo: TØI.

TØI, 2019. *Den nasjonale reisevaneundersøkelsen (RVU)*. [Internett]  
Available at: <https://www.toi.no/rvu/>  
[Funnet 2019].

# Vedlegg 1 – Feilkjelder og avgrensingar i behandling av RVU-data

## Innhold

<b>VEDLEGG 1 – FEILKJELDER OG AVGRENSINGAR I BEHANDLING AV RVU .....</b>	<b>55</b>
FIGURLISTE	55
TABELLISTE	56
<b>1 FEILKJELDER I RVU-DATA.....</b>	<b>56</b>
1.1 GENERELLE FEILKJELDER	56
1.1.1 <i>Feil verdier</i> .....	56
1.1.2 <i>Ufullstendige data</i> .....	56
1.1.3 <i>Feil i turkjeder</i> .....	56
1.2 SPESIELLE FEILKJELDER	56
1.2.1 <i>RVU 2008</i> .....	56
1.2.2 <i>RVU 2013</i> .....	56
1.2.3 <i>RVU 2016-17</i> .....	58
1.2.4 <i>RVU 2017-18</i> .....	58
<b>2 FEILKJELDER I ANALYSER AV RVU .....</b>	<b>59</b>
2.1 GENERELT	59
2.2 TILBRINGARTID	59
2.2.1 <i>Tilnærming 1</i> .....	59
2.2.2 <i>Tilnærming 2</i> .....	59
2.3 OMBORDTID	59
<b>3 AVGRENSING AV UTVAL I ANALYSEN .....</b>	<b>60</b>
3.1 GENERELT	60
3.2 OMBORDTID	61
3.3 VENTETID	62
3.3.1 <i>Bybanen</i> .....	62
3.3.2 <i>Buss</i> .....	63
3.4 OVERGANGSTID	64
3.4.1 <i>Bybanen</i> .....	64
3.4.2 <i>Buss</i> .....	64
3.5 TILBRINGARTID	65
3.5.1 <i>Bybanen</i> .....	65
3.5.2 <i>Buss</i> .....	68

## Figurliste

FIGUR 17 - SPREIINGSPLOTT, OMBORDTID FOR REISER MED BYBANEN (IKKJE VEKTA) .....	61
FIGUR 24 - SPREIINGSPLOTT, VENTETID FOR REISER SOM INKLUDERER BYBANEN (IKKJE VEKTA) .....	62
FIGUR 25 - SPREIINGSPLOTT, VENTETID FOR REISER SOM INKLUDERER BUSS (IKKJE VEKTA) .....	63
FIGUR 26 - SPREIINGSPLOTT 2, VENTETID FOR REISER SOM INKLUDERER BUSS (IKKJE VEKTA) .....	63
FIGUR 27 - SPREIINGSPLOTT, OVERGANGSTID FOR REISER SOM INKLUDERER BUSS (IKKJE VEKTA) .....	64
FIGUR 18 - SPREIINGSPLOTT, GANGTID TIL NÆRASTE HALDEPLASS, GANGFART 5 KM/T, BYBANEN (IKKJE VEKTA) .....	65
FIGUR 19 - SPREIINGSPLOTT 2, GANGTID TIL NÆRASTE HALDEPLASS, GANGFART 5 KM/T, BYBANEN (IKKJE VEKTA) .....	66
FIGUR 20 - SPREIINGSPLOTT, GANGTID UTGJER TO TREDELAR AV TOTAL GANGTID FOR REISER SOM INKLUDERER BYBANEN .....	67
FIGUR 21 - SPREIINGSPLOTT, GANGTID TIL NÆRASTE HALDEPLASS, GANGFART 5 KM/T, BUSS (IKKJE VEKTA) .....	68
FIGUR 22 - SPREIINGSPLOTT 2, GANGTID TIL NÆRASTE HALDEPLASS, GANGFART 5 KM/T, BUSS (IKKJE VEKTA) .....	68

## Tabelliste

TABELL 8 - UNIKE RESPONDENTAR (RVU 2013).....	57
TABELL 2 - TAL PÅ RESPONDENTAR I KVART UNDERUTVAL (RVU 2013).....	57
TABELL 3 - TURPRODUKSJON, BERGEN KOMMUNE (2013) .....	57

# 1 Feilkjelder i RVU-data

## 1.1 Generelle feilkjelder

### 1.1.1 Feil verdjar

Nokre oppgjevne verdjar er logisk umogelege, og følgeleg er det anten feil oppgjeve informasjon frå respondenten eller feil innskrivne data i det utleverte datasettet. Eit eksempel på dette er tur nummer to for respondent 1696 i RVU-13, der både total reisetid og ventetid på kollektivtransport er oppgjeve til 60 minutt. Sidan ventetida er eit subsett av den totale reisetida, er denne kombinasjonen umogeleg. Eit anna avvik er når oppgjeve reisetid er 0, som heller ikkje er mogeleg. Der reisetida er satt til 0 skulle den sannsynlegvis anten ikkje ha vore oppgjeve, eller oppgjeve som ein koda verdi som indikerer responsen «Veit ikkje/ikkje sikker» frå respondenten.

Slike avvik er inkludert i behandlinga og ikkje endra der dette ikkje er spesifisert. Dette av to grunnar: For det første er datasetta omfangsrike, og innanfor omfanget til denne oppgåva er det ikkje tid til å manuelt identifisere og vurdere kvart individuelle avvik. For det andre er det ikkje gode nok føresetnadar til å avgjere kva i dei avvikande variablane som er feil, så ei vurdering av avvika ville også vært innfatta med usikkerheit.

### 1.1.2 Ufullstendige data

Nokre stader er det ufullstendige data. Eksempel på dette vil være til dømes at respondenten har oppgjeve å ha reist, oppgjeve reisemiddel, men ikkje oppgjeve reisetid.

### 1.1.3 Feil i turkjeder

Nokre stader er turkjeda ikkje korrekt oppgjeve.

Andre stader er den tilsynelatande ikkje korrekt oppgjeve, men det er ikkje mogeleg å avgjere om det faktisk er feil. Til dømes har respondent 1621 i RVU-2018 oppgjeve at reisemiddelet på første delreise er kollektivtransport, noko som ikkje er mogeleg med mindre kollektivtransporten har haldeplass inni bustaden/opphaldsstaden eller direkte utanfor døra. Det er meir sannsynleg at dette er ei ikkje korrekt oppgjeve reise, sidan all kollektivtransport som regel krev at ein brukar ein anna modalitet (som regel til fots eller sykkel) for å komme til ein haldeplass.

## 1.2 Spesielle feilkjelder

### 1.2.1 RVU 2008

Datasettet skil seg noko frå dei andre i utforming av spørsmåla i undersøkinga som ligg til grunn, og difor også noko i innhald av datapunkt. Elles er det det mest komplette datasettet i analysen, og saman med RVU 2013 det av høgast utvalskvalitet i Bergensregionen.

### 1.2.2 RVU 2013

Datasettet «RVU\_Bergen\_2013\_Reisefil med person\_2.sav» verker å mangle 807 respondentar.

Tabell 20 - Unike respondentar (RVU 2013)

**Indicator of each last matching case as Primary**

		Frequency	Percent	Valid Percent	Cumulative Percent
Valid	Duplicate Case	27931	74,1	74,1	74,1
	Primary Case	9763	25,9	25,9	100,0
	Total	37694	100,0	100,0	

Tabell 21 - Tal på respondentar i kvart underutval (RVU 2013)

**UTVALG: Målgruppe**

		Frequency	Percent	Valid Percent	Cumulative Percent
Valid	Befolkning	9469	97,0	97,0	97,0
	Studenter	294	3,0	3,0	100,0
	Total	9763	100,0	100,0	

I rapporten som følgjer med datasettet står det at det skal være 10570 respondentar, kor av 10266 er frå befolkninga og 304 frå eit eige studentutval. Når ein sorterer bort duplikat i SPSS etter variabelen «unik\_id», som gjev kvart intervjuobjekt eit unikt ID-nummer, finn ein 9763 unike cases. Dette er vist i Tabell 20. Tabell 21 viser ein at om ein så tel frekvensar av variabelen «utvalg», finn ein at det manglar 10 studentar og 797 frå befolkningsutvalet.

Dette gjev utslag, då det er om lag 7,6% av utvalet. Turproduksjonen i det totale datasettet ligg noko høgare enn oppgjeve. For Bergen kommune går det gjennomsnittlege talet på reiser frå 3,60, som oppgjeve i rapporten, opp til 3.87, jamfør Tabell 22. Sidan rapporten også oppgjer at om lag 8% av befolkninga ikkje gjennomfører nokon reise på ein vanleg virkedag, vert det antatt at alle dei manglande responsane er frå bebuarar som ikkje gjennomførte nokon reiser på dagen dei vart intervjuet om, sidan berre 0.1% av datasettet står oppførte med null registrerte reiser. Denne hypotesen vert styrka av at dersom ein deler talet på datarader, 37694 (kvar datarad inneheld informasjon om ei reise), på det oppgjevne talet respondentar, vil ein få gjennomsnittleg turproduksjon oppgjeve for totalutvalet, 3.57.

Tabell 22 - Turproduksjon, Bergen kommune (2013)

	N	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
ANT_REIS:	212612	0	21	3,87	1,880
Valid N (listwise)	212612				

### 1.2.3 RVU 2016-17

Det er ikkje tilleggsutval for Bergen kommune i dette datasettet. Dette er difor det minste datasettet i analysen, som gjer at det har den største usikkerheita rundt tolking av resultatata.

Det er manglar i datasettet. Til dømes har berre 87 av 241 respondentar oppgjeve reisetid for reisa. Dette aukar den allereie store usikkerheita knytt til analyse av dette datasettet.

### 1.2.4 RVU 2017-18

Tala i datagrunnlaget, og vektene som nyttas for å utjamne skilnadar, er ikkje endelege. Difor er det ei viss usikkerheit forbunde med å analysere desse dataa.

## 2 Feilkjelder i analyser av RVU

### 2.1 Generelt

Dei analyserte datasetta for reiser med Bybanen og buss er einssidig isolert. I det tilarbeida datasettet med bussreiser er det ingen reiser med Bybanen, men det motsette er ikkje tilfelle for det tilarbeida datasettet med Bybanereiser. Dette er eit bevisst val tatt for å inkludere heile tilfangstområdet til Bybanen, som vil inkludere matebussar, men dette kan føre til at

### 2.2 Tilbringartid

Sidan dei to tilnærmingane ikkje skil ut reiser der Bybanen/buss er einaste reisemiddel, vil analysen inkludere reiser der bil, buss, sykkel og anna er nytta. Dette er gjort sidan manuell sortering vil være for omfattande innanfor ramma til denne oppgåva, og sidan turkjeda ikkje alltid er korrekt oppgjeve.

#### 2.2.1 Tilnærming 1

Å samanlikne oppgjeve gangtid og gangtid som er rekna ut ifrå oppgjeven avstand med uniforme verdiar for gangfart tek ikkje høgde for individuelle variasjonar i gangfart. Ein avstand på til dømes 200 meter kan for eitt individ være ei gåtid på to minutt, og fem minutt for eitt anna.

#### 2.2.2 Tilnærming 2

Det vert antatt at tilbringartida utgjer anten halvparten, ein tredel, eller to tredelar av total gangtid for reisa. Det er også mogeleg at den utgjer ein anna del.

### 2.3 Ombordtid

Metoden nytta for å finne ombordtid er prega av mykje usikkerheit. For RVU-2013 er det mogeleg at analysen ikkje tek høgde for reiser som inkluderer delreiser med sykkel og/eller bil, slik at ombordtida vert kunstig høg.

Ombordtid for RVU-2016/17 og -2018 er utrekna ved bruk av Skyss sin reiseplanleggar (<https://www.skyss.no/Rutetider-og-kart1/Reiseplanleggar/>). Ombordtid er henta frå denne på forskjellige vekedagar i løpet av juni 2019, med tidspunkt på dagen satt til 12:00. Tilbodet tilgjengeleg på denne tida kan, og vil sannsynlegvis, skilje seg frå tilbodet på tidspunktet respondentane i RVU-ane har føretatt sine reiser. Dette vil gjere seg mest gjeldande i utrekninga av ombordtid for delreiser med buss

### 3 Avgrensing av utval i analysen

I dette kapitlet vert avgrensingar gjort i analysen av data inkludert i oppgåva beskrivne.

#### 3.1 Generelt

For alle faktorane er utvalet avgrensa til reiser med kjend start- og sluttadresse på grunnkrets nivå, der både start- og sluttgrunnkrets ligg i Bergen kommune. Den siste grunnkretsen i Bergen kommune er 12012014 Damsgårdsfjellet, den første er 12010101 Nordnes.

**Filter som setjast:** fragk<12012015 & tilgk<12012015 & fragk>12010100 & tilgk>12010100

Det første filteret sorterer ikkje ut tilfelle der start- eller sluttadresse på grunnkrets nivå manglar. For å løyse dette vert variabelen «key» skapt, ved å nytte «Transform»->«Compute variable». Formelen er ((fragk\*100000000)+tilgk). Dersom anten variabelen «fragk» eller «tilgk» manglar, vil det også mangle ein verdi for «key».

**Filter som setjast:** key>1


Til slutt vert alle reiser som inkluderer ein delreise med Bybanen fjerna frå buss-utvala. Dette for å skape to uavhengige utval. For å løyse dette skapast variabelen «inkl\_bybane», ved å nytte «Transform»->«Compute variable». «inkl\_bybane» vert først satt lik 0.

Viss ei rapportert reise inkluderer ein delreise med Bybanen, vert «inkl\_bybane» satt lik 1, ved bruk av «Transform»->«Compute variable»->«if». Formel som plasseres i «if» er (rm\_x=7, der 01<x<11) for RVU-2013, og (q63\_x\_KOLLEKTIV=3 OR q63\_x\_KOLLEKTIV=4, der 1<x<9) for RVU-2016/17 og -2018.

**Filter som setjast:** inkl\_bybane<1

### 3.2 Ombordtid

Ombordtid vert berre berekna for Bybanen.



Figur 34 - Spreiingsplott, ombordtid for reiser med Bybanen (ikkje vekta)

Det er to klare uteliggjarar i datasettet, begge i RVU-2013. Desse vert ekskludert vidare i analysen.


**Filter som setjast:** Ombordtid<100

**Verdiar som vert definerte som manglande:** -



### 3.3 Ventetid

#### 3.3.1 Bybanen



Figur 35 - Spreiingsplott, ventetid for reiser som inkluderer Bybanen (ikkje vekta)


Figur 35 viser at det er 6 uteliggjarar i det samla datasettet, som er verdiane større enn 20. Maksimal tid mellom to avgangar for Bybanen er 30. minutt. Verdier høgare eller lik 30 vert difor ekskludert.

Det er mogleg at ventetida er nær 0 eller lik 0, og difor vert ikkje denne verdien ekskludert.

**Filter som setjast:** Ventetid<30


**Verdiar som vert definerte som manglande:** 99, 9999

### 3.3.2 Buss



Figur 36 - Spreiingsplott, ventetid for reiser som inkluderer buss (ikkje vekta)

Figur 36 viser at det er ein klar uteliggjarar i det samla datasettet, som er verdien lik 120. Denne vert ekskludert. Sidan grensa for inkluderte verdiar i tilsvarande analyse for Bybanen vart satt lik 30, vert det produsert eitt nytt spreingsplott for å undersøke nærare.



Figur 37 - Spreiingsplott 2, ventetid for reiser som inkluderer buss (ikkje vekta)

Eitt datapunkt ligg over 60 minutt. Maksimal tid mellom to bussavgangar i Bergen sentrum er 60 minutt. Verdiar høgare enn 60 vert difor ekskludert, då det er teoretisk mogeleg å kome til haldeplassen akkurat i det busen køyrer.

Det er mogeleg at ventetida er nær 0 eller lik 0, og difor vert ikkje denne verdien ekskludert.

**Filter som setjast:** Ventetid<=60

**Verdiar som vert definerte som manglande:** 999, 9999

### 3.4 Overgangstid

#### 3.4.1 Bybanen

Tabell 23 – Deskriptive statistikkar, overgangstid, reiser med Bybanen (ikkje vekta)


Descriptive Statistics					
	N	Minimum	Maximum	Mean	Std. Deviation
overgangstid	891	,00	30,00	2,2829	4,26855
Valid N (listwise)	891				

Det vert vurdert at det er mogeleg at overgangstida er 30 minutt for reiser som inkluderer Bybanen, Tabell 23. Det vert difor ikkje gjort nokon avgrensingar i analyseutvalet for overgangstid for Bybanen.

**Filter som setjast:** -

**Verdiar som vert definerte som manglande:** -

#### 3.4.2 Buss



Figur 38 - Spreiingsplott, overgangstid for reiser som inkluderer buss (ikkje vekta)

Det er ein klar uteliggjar i det samla datasettet, verdien nær 80 i RVU-2018, Figur 38. Denne vert ekskludert frå vidare analyse. Det vert vurdert at ei total overgangstid for reiser med buss lik 40 til 60 minutt er mogeleg for ei lengre reisekjede.


**Filter som setjast:** Ventetid $\leq$ 60

**Verdiar som vert definerte som manglande:** -

### 3.5 Tilbringartid


#### 3.5.1 Bybanen

##### 3.5.1.1 Tilnærming 1



Figur 39 - Spreiingsplott, gangtid til næraste haldeplass, gangfart 5 km/t, Bybanen (ikkje vekta)

Nyttar gangfart lik 5 km/t for å avgrense datasettet. Ser av Figur 39 at det er nokon ekstreme uteliggjarar i datasettet. Setter filter på gangtid mindre enn 500 minutt, og gjentar analysen.



